



ÅMLI KOMMUNE
- BYGDA FOR ALLE



Årsrapport 2018 - Årsmelding og rekneskap

Vedtatt i kommunestyret 23.05.2019 K-sak 19/48 og 19/49

Forsidefoto: Næringsareal på Jordøya



INNHOLD:

Årsmelding for 2018.....	5
<i>Innleiing</i>	5
ØKONOMISK RESULTAT.....	5
<i>Folketal og sysselsetting</i>	6
<i>Kommunen som verksemد</i>	7
ÅRSVERK PR. 31.12.2018	7
ALDERSSAMANSETNING PR. 31.12.2018:	7
UTVIKLINGSARBEID.....	8
INTERNIKONTROLL.....	10
TILSYN FRÅ EKSTERNE AKTØRAR.....	10
BEREDSKAP	10
INFORMASJONSSIKKERHET.....	11
LIKESTILLING.....	11
HEIDER TIL KOMMUNALT TILSETTE	11
ARBEIDSMILJØ OG YTRE MILJØ	12
ÅMLI KOMMUNE ARBEIDER SYSTEMATISK OG BREITT FOR Å SIKRE EIT GODT ARBEIDSMILJØ.....	12
<i>Folkevalde</i>	12
POLITISK ORGANISERING	12
MØTEAKTIVITET I DEI FASTE POLITISKE ORGANA	13
ØKONOMISK RESULTAT	13
VEDTAK FATTÅ I KOMMUNESTYRET 2017, MED STATUS UNDER BEHANDLING (JB).....	14
STAUS PÅ VEDTAK FATTÅ I KOMMUNESTYRET 2018.....	14
TILTAKSOVERSIKT MED STATUS	18
<i>Rådmannens stab.....</i>	21
ORGANISERING	21
OVERORDNA MÅL	21
FOKUSOMRÅDE	21
ØKONOMI.....	21
<i>Samfunn</i>	22
ORGANISERING	22
FOKUSOMRÅDE 2018	22
ØKONOMI.....	25
<i>Oppvekst.....</i>	26
SKULEN	26
SFO.....	26
BARNEHAGE.....	26
ÅMLI PP-TENESTE	26
HELSESTASJONEN /JORDMORTENESTE	27
FLYKTNINGTENESTA	27
VAKSENOPPLÆRING FRAMANDSPRÅKLEGE	27
KULTURSKULEN.....	27
ØKONOMI.....	27
<i>Habilitering og ressurs</i>	28
ORGANISERING	28

TENESTA FOR FUNKSJONSHEMMA (TIMMERODDEN BUFELESSKAP)	28
NAV KOMMUNALE TENESTAR	28
PSYKISK HELSETENESTE/RUS.....	29
DAGSENTER.....	29
ÅMLI FRIVILLIG SENTRAL	30
ØKONOMI.....	30
Helse og velferd	31
ORGANISERING	31
LEGEKONTOR.....	31
FYSIOTERAPEUT.....	31
FRISKLIVSSENTRAL.....	31
INSTITUSJON - ÅPOS	32
SKJERMA AVDELING	32
LANGTIDSAVDELING	32
KJØKKEN / VASKERI /REINHOLD	32
HEIMESJUKEPLEIE	32
HEIMHJELP – PRAKTIK BISTAND	33
AMBULERANDE VAKTMESTER	33
AKTIVITETSTILBOD TIL DEMENTE	33
SYN OG HØRSELSKONTAKT	33
ØKONOMI.....	34
Rekneskap for 2018	35
<i>Netto resultat fordelt på resultateining</i>	35
<i>Nøkkeltal</i>	35
<i>Hovedoversiktar</i>	38
HOVEDOVERSIKT SKJEMA 1A DRIFT	38
HOVEDOVERSIKT SKJEMA 1B - DRIFT PR. TENESTE T.O.M. TENESTE 4000	38
HOVEDOVERSIKT SKJEMA 2A- INVESTERING	42
HOVEDOVERSIKT SKJEMA 2B - INVESTERING	43
HOVEDOVERSIKT BALANSE	44
HOVEDOVERSIKT DRIFT	45
HOVUDOVERSIKT INVESTERING	46
HOVEDOVERSIKT ANSKAFFELSE OG BRUK AV MIDLAR	46
<i>Noter</i>	47
NOTE 1 – ENDRING I ARBEIDSKAPITAL	47
NOTE 2 - PENSJON	47
NOTE 3 – OPPGÅVE OVER ÅMLI KOMMUNE SINE GARANTIFORPLIKTELSAR 31.12	48
NOTE 4 - AKSJAR OG ANDELAR I SELSKAP	49
NOTE 5 – AVSETNINGAR OG BRUK AV FOND	49
NOTE 6 – PENSJON	50
NOTE 7 - SAMLA ETTERKALKYLE SJØLVKOST 2018	50
NOTE 8 – KAPITALKONTO.....	51
NOTE 9 – LÅNEGJELD	51
NOTE 10 – INNSKOT/PLASSERINGAR/GJELDSPORTEFØLJE	52
<i>Årsmelding Åmli Kraftfond</i>	53

Årsmelding for 2018

Innleiing

Rådmannen i Åmli kommune legg med dette fram årsrapport med rekneskap og årsmelding for 2018 som eit samla dokument.

Dokumentet skal ivaretake dei krav kommunelova set i høve til rapporteringa til kommunestyre. Rapporten skal gj opplysningar om forhold som er viktige for å vurdere kommunen sin økonomiske stilling og resultat.

Årsrekneskapen skal omfatte alle økonomiske midlar som vert disponert, og bruk av midlane. Kommunestyret skal sjølv vedta årsrekneskapen etter tilråding frå formannskapet. Vedtaket skal syne disponering av rekneskapsmessig resultat.

Det er krav i kommunelova § 48 om rapportering av forhold av vesentlig verdi for kommunen, omtale av tiltak for å sikre høg etisk standard – og arbeid for å fremje miljø og likestilling på alle område i kommunen.

Slik rådmannen ser det vert desse lovkrava ivareteke i dette felles dokumentet.

ØKONOMISK RESULTAT

Driftsrekneskapen

Netto driftsresultat skal i utgangspunktet vise forskjellen mellom kommunen sine inntekter og utgifter gjennom året i motsetnad til rekneskapsmessig meir- eller mindreforbruk (botnlinja) som måler økonomisk avvik sett i høve til eit budsjett i balanse.

Rekneskapsført netto driftsresultat for rekneskapsåret 2018 er positivt og utgjer kr 2,871 mill.

Det utgjer 1,4 % av brutto driftsinntekter i 2018. I 2017 utgjorde netto driftsresultat 3,7 % av brutto driftsinntekter.

Kommunaldepartementet sine føringar er at måltalet minst skal utgjer 1,75 % av sum driftsinntekter.

Etter bruk og avsetninger til fond vart driftsrekneskapen for 2018 avslutta med eit rekneskaps messig mindreforbruk på kr 4,475 mill. mot kr 4,865 mill. i 2017.

Kommunen har netto sett av kr 1 mill. til disposisjonsfond, medan det vart budsjettet med ei netto avsetning på 0,3 mill. Differansen utgjer i hovudsak mindre utgifter knytt til flyktningetenesta. Ein viser her til vedtak i K-sak 16/50 om administrasjonens fullmakter.

Endring i kommunen sin økonomiske handlefridom må vurderast mot endring i disposisjonsfond under eigenkapitalen i balansen, alternativt netto bruk/avsetning til disposisjonsfond i driftsrekneskapen.

Tenesteområda har samla sett eit mindreforbruk i høve til revidert budsjett på kr 2,4 mill.

Dette syner god budsjettdisiplin og god økonomisk kontroll i dei ulike einingane.

Utover dette bidrog pensjonsføringane i drifta ytterlegare med kr 0,8 mill samt at dei frie overføringane i form av rammetilskot og skatt vart kr 0,3 mill høgare enn budsjettet grunna ein høgare skattevekst for landet sett i forhold til anslaget i revidert statsbudsjett. Jfr. her K-sak 18/81.

Investeringsrekneskapen

Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse mellom utgifter og inntekter.

Av totalt finansieringsbehov på kr 14,8 mill. er kr 5,8 mill. finansiert med låneopptak.

Investeringsprosjekta kan gå over meir enn eit rekneskapsår og det kan difor vere til dels store avvik mellom budsjett og rekneskap. I all hovudsak er prosjekta gjennomført i.h.h.t vedteke budsjett og investeringsrekneskapen leggast fram i balanse.

Nærare om kommunen sin økonomiske stilling pr. 31.12

Fond

For å ivaretake ein viss økonomisk handlefridom, bør kommunen ha frie driftsfond av ein viss størrelse for å kunne møte endra rammebetingelsar kring drifta. Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk frå tidlegare år bør og takast med i vurderinga av frie fond pr. 31.12.

Frie fond knytt til drift pr. 1. januar 2018 utgjorde kr 34,9 mill. (disposisjonsfond + akkumulert mindreforbruk, medan tilsvarande saldo pr. 31.desember 2018 er positiv med kr 34,4 mill. (disposisjonsfond + udisponert mindreforbruk). Dei frie midla til kommunen er dermed redusert med kr 0,5 mill frå 2017 til 2018.

Ved utgangen av 2018 utgjer netto balanseført premieavvik kr 8,4 mill. (kr 7,0 mill. i 2017)

Akkumulert premieavvik i balansen skal utgiftsførast i kommunen sitt driftsrekneskap over eit visst tidsintervall alt avhengig av når tid premieavviket oppstod. Amortiseringstida for premieavviket har blitt redusert frå opprinnelig 15 år til 7 år. Dette fører til at

tilbakeføring av akkumulert premieavvik vil skje over kortare tid, og med høgare beløp pr. år. Konsekvensen er auka årleg belastning i kommunen sin driftsrekneskap dei komande åra.

Når kommunen ikkje har sett av midlar til fond for å dekke denne plikta i rekneskapen, må disposisjonsfonda korrigeraast for netto balanseført premieavvik for å kunne synleggjere kommunen sin faktiske økonomiske handlefridom. Resultatet vert då at kommunen sine frie fond utgjer kr 26 mill. ved utgangen av 2018. Korrigert for premieavviket utgjorde dei frie fonda kr 27,9 mill. i 2017. Kommunen sin handlefridom er dermed redusert med kr 1,9 mill. frå 2017 til 2018.

Gjeld

Ved utgangen av 2018 er kommunen si netto lånegjeld, knytt til investeringar, kr 162,1 mill. mot kr 168,1 mill. i 2017. Ubrukte lånemidlar har auka frå kr 6 mill. til 16,6 mill.

Åmli kommune må framleis bruke ein forholdsvis stor del av driftsinntektene til å dekke renter og avdrag i åra som kjem når planlagde investeringar er gjennomført.

Gjeldsgraden til kommunen målast med forholdstalet mellom netto lånegjeld og driftsinntektene til kommunen.

Driftsinntektene var kr 210 mill. i 2018. Dette gir ein gjeldsgrad på 77,2 % mot ein gjeldsgrad på 83,3 % i 2017.

Likviditet

Kommunelova krev at kommunane skal ha midlar nok til å dekke sine betalingsplikter ved forfall.

Likviditet vert målt ved å sjå på forholdet mellom balanseførte verdiar for omløpsmidlar (kortsiktige fordringar, omløpsaksjar, samt kasse og bankkonti) og kortsiktig gjeld. Basert på kommunens balanseførte verdiar pr. 31.12.18 utgjer forholdstalet 2,8 (3,0 i 2017)

Anbefalt forholdstal er 1.

I kommunen sin bankbeholdning finst midlar som er tilført gjennom låneopptak til investeringsformål. Slike ubrukte lånemidlar bør ikke telje som drifts-likviditet. For å få eit meir korrekt bilet, bør ein justere kontantbeholdninga for desse ubrukte låne-midla.

Basert på justerte verdiar endrast forholdstalet til 2,3 i 2018 mot 2,8 i 2017.

Ein kan, ut frå totalbilete, konkludere med at kommunen sin økonomiske situasjon er god - likevel noko svekka sett i forhold til 2017.

Folketal og sysselsetting

År	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Folketal pr 01.01.	1825	1815	1810	1832	1847	1856	1845

11,5 % av Åmlis befolkning har utenlandske statsborgerskap. Flest er det fra Tyskland (44 personar), Polen (35 personar), Nederland (24 personar), Syria (32 personar) og Danmark (11 personar).

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
	Personer						
0 år	11	23	17	16	19	30	17
1-5 år	87	88	86	98	99	111	121
6-12 år	158	146	143	141	142	145	140
13-15 år	91	88	82	83	73	63	65
16-19 år	91	98	112	105	111	111	96
20-44 år	528	512	501	503	521	538	549
45-66 år	565	571	563	567	552	532	524
67-79 år	202	212	228	232	247	238	239
80-89 år	67	60	60	71	72	78	83
90 år eller eldre	25	17	18	16	11	10	11
Sum	1825	1815	1810	1832	1847	1856	1845

Framskrivingstal for elevtal i skulekrinsane komande år.

Skulekrins / år	17/18	18/19	19/20	20/21	21/22	22/23
Åmli	187	184	194	192	200	207
Dølemo	15	16	13	15	16	16

Sysselsetting

61,6 % av Åmli sin befolkning mellom 15 og 74 år var sysselsett i 2018, 58,2 % kvinner og 64,6 % menn.

Tilsvarende tal for 2017 var 60,7 %, 59,1% og 62,2%.

I 2018 var ledigheten i Åmli 2,1%. Av dei ledige i 2018 var 2,3 % menn og 1,8 % kvinner.

Tilsvarende tall for 2017 var 2,3 %, 2,3 & og 2,3 %.

Fødde/døde i Åmli kommune

År	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Folkemengde 1.1	1829	1825	1815	1810	1832	1847	1856	1845
Levendefødte	13	22	16	15	19	30	17	25
Døde	25	34	16	15	22	25	17	21
Fødselsoverskudd	-12	-12	0	0	-3	5	0	4

Flyttetal for Åmli

År	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Innflyttinger	100	94	94	103	120	98	93	71
Utflyttinger	92	92	102	81	102	93	104	71
Nettoinnflytting	8	2	-8	22	18	5	-11	0
Folketilvekst	-4	-10	-5	22	15	9	-11	3

Kommunen som verksemد

ÅRSVERK PR. 31.12.2018

Eining	Kvinner	Menn	Sum årsverk
Rådmannens stab	5,5	2,5	8,0
Oppvekst	43,31	11,91	55,22
Helse og velferd	45,43	2,3	47,73
Habilitering og ressurs	18,71	1,89	20,60
Samfunn	9,02	12,8	21,82
Sum årsverk	121,97	31,4	153,37

Årsverk og fordeling på kvinner og menn er henta ut frå kommunen sine lønsdata. Tala vil ikkje vere 100% riktig då både ein fast tilsett som har gått på sjukeløn/løna permisjon og vikar kan vere med i berekningsgrunnlaget og tilsette som er i permisjon utan løn er ikkje medrekna. Sentrale personalregister, som til dømes PAI-registeret til Kommunenes Sentralforbund, vil innehalde dei same små feilmarginane.

Sum årsverk har gått ned frå 160,94 i 2017 til 153,37 i 2018 og det vil alltid vere ein viss feilmargin.

ALDERSSAMANSETNING PR. 31.12.2018:

Eining	Under 20 år	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	Sum tilsette
Rådmannens stab	0	0	1	4	3	2	10
Oppvekst	0	6	13	24	16	8	67
Helse- og velferd	0	9	15	22	13	3	62
Habilitering og ressurs	0	5	5	9	4	3	26
Samfunn	0	0	1	7	8	10	26
SUM	0	20	35	66	44	26	191

Hovudtyngda tilsette ligg i aldersgruppa 40-49 år, men det er også mange tilsette i aldersgruppa 50-69 år og som er stigande i åra framover.

UTVIKLINGSARBEID

Nærvær/oppfølging av sjukefråvær

År	Kvinner	Menn	Totalt
2012	8,79	3,67	7,49
2013	10,21	2,24	8,85
2014	10,34	6,21	9,37
2015	12,61	3,41	10,44
2016	8,36	5,92	7,80
2017	7,59	4,57	6,92
2018	10,58	3,70	9,05

I 2017 og 2018 har det framleis vore fokus på å ha tett oppfølging på arbeidsplassen i høve til tilsette som står i fare for å gå ut i sjukmelding og tilsette som er sjukmelde.


LOS/SLT

Prosjektleieren har sidan somaren 2018 vore tilsett i fast 100% stilling i Åmli kommune. Losen har som føremål å fylgje opp ungdom slik at flest mogleg skal klare å gjennomføre vidaregåande opplæring. Losprosjektet er inne i andre treårige prosjektperiode med støtte fra Bufdir. Kommunen har, gjennom søknad fått løyvd kr 900 000,- frå Bufdir i perioden vi no er inne i.

Arbeidet som SLT-koordinator (samordning av lokale rus- og kriminalitetsforebyggjande tiltak) er godt i gang med faste samarbeidsmøte med politi, skule, barnevern og rus/psykiatri.

Prosjektleiar tek seg og av Åmli kommune si plikt til å stille med ungdomsarbeidressurs til Åmli Vgs.

Han har og utleigearsvaret for Oasen og Åmlihallen og den administrative oppfylginga av «Offroad-lan» arrangert i Åmlihallen.



Prosjekt «Tidlig innsats og trygg oppvekst»

Prosjektet tidlig innsats og trygg oppvekst har i 2018 blitt synleggjort og teke i vare gjennom følgjande tiltak, gratis fritidsaktivitet, kulturkarusellen, ein gratis ferieaktivitet og utstyrssbank. Etter at prosjektleiar slutta i stilling i juni 2018, har organiseringa av arbeidet blitt utført av fleire i eininga. Ein må i det vidare sikre at nokon har koordineringsansvaret for prosjektet/arbeidet.

Våren 2018 tok 69 barn i alderen 3.-6. klasse imot tilbod om gratis fritidsaktivitet. Hausten 2018 tok 75 barn i alderen 3.-7. klasse imot tilbodet. Tilbode når breidt ut, og har fått god tilbakemelding både frå brukarane og frå andre kommunar. Det gir barn og foreldre ein god og oppdatert oversikt over fritidstilbodet i Åmli.



BTI (Betre tverrfagleg innsats)

Dette er eit langsigktig tiltak i startegiplanen. BTI er eit av fire hovudsatsingsområde i folkehelseprogrammet i Agder. Det ligg føre handlingsrettleiarar for barnehage, skule, helsestasjon og jordmor.

Informasjon er å finne på heimesida og i brosjyre.

Åmli er med som delkommune i prosjektet. I 2018 fekk kommunen 200.000,- til prosjektet.

HBS (Helsefremjande barnehagar og skular)

HBS er eit anna av fire hovudsatsingsområde i folkehelseprogrammet i Agder som Åmli kommune er med i. Prosjektet starta med «Kick-off» på Kaldvell gard i Lillesand. Prosjektet er gjort kjent i skule og barnehage. Tiltaka for Åmli er relasjonskompetanse og inkluderande og gode utedmiljø.



Kompetanse For Mangfold

Vaksenopplæringa, barnehagane og skulane har arbeidd med prosjektet kompetanse for mangfold (KFM). Prosjektet har baggrunn i Stortingsmelding 6 "En helhetleg integreringspolitikk. Mangfold og fellesskap. (2012-2013)." I 2018 har det vore samling i skule og barnehage med opplæring av applikasjonar og innkjøp av utstyr til bruk i prosjektet.

Det har vore samling med Khaled Adb El Shafi, tilsett i tolketenesta og på asylmottak for einslege mindreårige i Arendal. Av praktiske omsyn vart foredraget gjennomført 2. januar 2019.

Prosjektet vart avslutta i 2018.



Kvello i barnehagen

Målet med Kvello-observasjonar er at barn som har behov for ekstra utviklingsstøtte skal få hjelp så tidleg som mulig, frå barnehagen og/eller i samarbeid med PPT eller andre instansar.

Samtidig skal det hjelpe barnehagane med å arbeide meir systematisk, dvs. gje barnehagen auka kompetanse for best mogeleg å kunne sette i gong utviklingsstøttande tiltak for barnet.

I 2018 hadde studiesirklar med alle pedagogiske leiarar, helsejukepleiar, fysioterapeut, barneværn og barnehagestyryrarane.



Etterbruk av Åmli VG-skule / Grønt kompetanse-senter sør

John Salve Sigrindnes vart i september 2017 tilsett i prosjektstilling for og sjå på etterbruken av AVS etter at skulen er vedteke nedlagt frå 2020. Prosjektet er organisert med prosjektgruppe, referansegruppe og styringsgruppe av eit utvida formannskap. Prosjektet vart i 2018 lagt direkte under rådmann. Etter ei løyving frå fylkeskommunen på 2 millionar i desember 2018 heiter prosjektet nå «Grønt kompetancesenter sør».

Åmli som ein AV-OG-TIL kommune

Åmli kommune har inngått samarbeidsavtale med organisasjonen AV-OG-TIL. AV-OG-TIL er ein alkoholvettorganisasjon. Det vert sett fokus på situasjonar der alkohol utgjer ein særleg risiko eller kan være til ulempe for andre. AV-OG-TIL vil bidra til å redusere dei negative følgjene av alkoholbruk i samfunnet og gjøre kvardagen tryggare for alle. Gjennom å vere ein AV-OG-TIL kommune får vi sett fokus på førebygging og haldningsskapande arbeid innom rusfeltet. Vi deltek i ulike kampanjar som f.eks. «Hvor mange glass tåler barnet ditt».

AV-OG-TIL jobber ikkje for at ein skal slutte å drikke alkohol, men at vi skal redusere alkoholbruken der det kan være farleg eller gå ut over andre. Derfor har vi kampanjar som særleg fokuserer på situasjonar kor alkohol utgjer ein særleg risiko. Desse er: Arbeidsliv, båt- og badeliv, graviditet, idrett og friluftsliv, livskriser, samvær med barn og unge og trafikk.

AV-OG-TIL driv haldningsskapande arbeid gjennom eit bredt nettverk av frivillige organisasjonar, kommunar og andre samarbeidspartar.

Opplæring HMSK og avvikshandtering (QM+):

Dette er viktige tiltak for å sikre gode rutinar og arbeidstilhøve for tilsette. Sjå eige punkt om Internkontroll for nærmere kommentarar.

Lærlingar:

Kommunen har p.t. 5 plasser for lærlingar. To i helsearbeidarfaget og tre i barne- og ungdomsarbeidarfaget.

Dei sentrale partar i arbeidslivet, både offentleg og privat sektor, har utarbeida ein samfunnskontrakt der det ligg ei målsetting om at kommunane aukar antal lærlingar mot måltal om å ha tri lærlingar pr. 1.000 innbyggjarar.

Denne føringa ligg og i intensjonsavtalen med fylkeskommunen fra 2019.

Utfordringa er at det ikkje er nok lære plassar å tilby elevane etter fullført VG2. Eit læringsløp går over 4 år (2 år i skule og 2 år i lærebedrift).

Fylkeskommunen må opprette eigne VG3-klassar for dei som har krav og ikkje får lære plass. Det er ei dårleg løysing då det ikkje er tvil om at læringsløp går eit 4-årig løp får ei betre kvalitet på utdanninga enn dei elevane som bare går eit 3-årig løp før oppmelding til fagprøve.

Sommarjobb for skuleungdom:

Åmli kommune har i mange år hatt eit tilbod om sommarjobb for skuleungdom som bur i kommunen.

Tilbodet går ut til alle 17-åringar og dei kan velje om dei vil ha to veker sommarjobb i kommunen eller i privat bedrift. I 2018 var det 15 ungdomar som nyttar tilbodet. 11 i kommunen og 4 i private verksemder.

INTERNKONTROLL

KS har definert "Rådmannens internkontroll – orden i eget hus" med følgjande hensikt og mål for internkontroll:

- Kvalitet og effektivitet i tenesteproduksjonen
- Heilhetleg styring og riktig utvikling
- Godt omdømme og legitimitet
- Etterleving av lov og regelverk

Rådmannen har kontinuerleg fokus på arbeidet med å forbetre system for styring av verksemda og internkontroll både når det gjelder tenestekvalitet og HMS. Rådmannen har ansvar for at vedteke styringsdokument blir fulgt opp i organisasjonen, og at kommunen leverer tenester av riktig kvalitet til brukarar og innbyggjarar. Etter kommunelova § 23 skal rådmannen syte for at administrasjonen drivast i samsvar med lovar, forskrifter og overordna instruksar, og er gjenstand for tryggende kontroll. Rådmannens interne kontroll skjer i forlenginga av kommunestyrets tilsyn (kontrollutval og revisjon) og statens tilsyn med kommunane, jf. 5.4.2.

Einingsleiarar har ansvar for å etablere, og følje opp, den interne kontrollen i samsvar med delegerte fullmakter.

Det er i tillegg fastsatt særskilde internkontrollkrav innan ei rekke område av kommunens verksemd.

TIJSYN FRÅ EKSTERNE AKTØRAR

I tillegg til rådmannens egen internkontroll, er det fleire eksterne aktørar som fører tilsyn med kommunen. I 2018 har kommunen hatt følgjande tilsyn:

Kven	Type tilsyn
Fylkesmannen	<p>Tilsyn med Åmli kommunens tenester til personer med rusproblem og psykisk lidelse</p> <p>Tverrfaglig tilsyn med Åmli kommune som barnehagemyndighet:</p> <p>Barnehagemyndigetas plikt til å påse/sjå til at barnehagane i Åmli driv i samsvar med barnehagelova</p> <p>Barnehagemyndigheita si godkjenning av barnehagar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Barnehagemyndigetas plikt til å påse/sjå til at barnehagane i Åmli driv i samsvar med barnehagelova • Barnehagemyndigheita si godkjenning av barnehagar • Kommunens arbeid med godkjenning og tilsyn med barnehagar og skular etter forskrifa om miljøretta helsevern i skular og barnehagar
Mattilsynet	Tilsyn med vannbehandling og leveringssikkerhet
Aust-Agder revisjon IKS	Ingen
Østre Agder Brannvesen	Ingen

BEREDSKAP

Den overordna Beredskapsplanen blei vedteke av kommunestyret i 2015.

Rådmannens stab, ved beredskapskoordinator, har det overordna ansvaret for oppfølginga av kommunens arbeid med samfunnssikkerheit og beredskap.

Den einingsleiar har delegert ansvar for beredskap for eigne tenesteområder.

Krisehandtering skjer etter følgjande fire hovudprinsipp:

ANSVAR - Den myndigkeit med det daglige ansvaret, har ansvar og i ei krise

LIKHET - Organiseringa i krise skal vere mest mogleg lik dagleg organisering

NÆRHET - Ei krise skal handteras på lågast mogleg nivå

SAMVIRKE - Alle verksemder har eit sjølvstendig ansvar for å sikre best mogleg samvirke med relevante aktørar i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering

Krisehandtering er summen av tiltak som settast i verk for å avgrense ei skade og bringe krisa til opphør.

Opplæring

Det er gitt opplæring i:

- Loggføring og situasjonsrapportskriving i DSB sitt CIM (elektronisk krisestøtteverktøy) med Cim-loggføringsteam.
- Bruk av innbyggjarvarsling «Varsling24».
- Åmli kommunes beredskapsplaner og beredskapsorganisasjon med Kriselening og kommunens leiing og psykososialt kriseteam.
- Opplæring for brannvernleiar

Øvingar

Fylkesmannen gjennomførte varslingsøving med alle kommunane i Aust- og Vest - Agder 28. juni 2018

14.november 2018 samlokalisert beredskapsøving med brann, ambulanse, politi, Norsk Folkehjelpe Åmli lag og kommunens psykososialt kriseteam og Evakuerte og pårørandesenter på Nidarå Trelast.

Nokre av einingane har gjennomført brannøvingar og nokre har gjennomført førstehjelpskurs / øvingar.

Uønska hending/mottatt varsel fra Fylkesmannen

- Februar Scooterulykke
- 28.03.2018 Dødsulykke Nidarå.
- 27.04.2018 Varsel om utsikter til vårflo
- Juni - vanningsrestriksjoner
- Juli - Totalforbud mot aktivitet som kan føre til brann
- 10.08.2018 Svært Kraftig vind
- 06.09.2018 Varsel om Kraftige regnbygjer
- 20.09.2018 Ekstremvær Knud
- 24.09.2018 Trafikkulykke syklist / vogntog
- 26.10.2018 Nkom utfall av tryggingsalarmer
- 21.11.2018 Varsel om mye og tung snø
- 31.12.2018 Varsel om uvær

INFORMASJONSSIKKERHET

GDPR/ny personopplysningslov gjeldande frå 20.juni 2018 I den forbindning deltok informasjonsikkerheitsansvarleg i kommunen i felles prosjekt i regi av IKT Agder der ein utarbeida personvernerklæringer og anna dokumentasjon som vart påkrevd.

På ansattportalen ligg eit eige nettcurso i personvern. Dei sikkerheitsansvarlege i kommunane danna eit fagleg nettverk, sikkerheitsforum i IKT Agder kommunane. Dei har hatt 3 møte. Aktivitetar:

- Kort om GDPR prosjektet – resultat - status
- Forumets mandat – form og innhald
- Årshjul for informasjonstryggleik
- Gjennomgang / repetisjon av instruks og mandat
- Utveksling av erfaringar og utfordringar

Det aller viktigaste for tilsette er å være bevisste på kva personopplysningar er, kva for personopplysningar du behandler, og kva for system du gjer det i.

LIKESTILLING

I Åmli har hovudfokus for likestillingsarbeidet i 2018 vore:

- Reduksjon av sjukefråvær, som er størst i kvinnedominerte yrke
- Kommunen arbeider målretta for å redusere talet på deltidsstillingar og auke størrelsen på stillingar og utjamne lønsforskjellar. Her er det ei eiga arbeidsgruppe med representantar frå einingane, stab og tillitsvalde.
- Vere ein god tiltaksarrangør i samarbeid med NAV for å bidra til at yrkeshemma kan returnere til arbeidslivet.

I kommunen si leiargruppe er det 3 kvinner og 4 menn.

Andel tilsette heiltid (100% stilling) pr 31.12.:

Eining	2016	2017	2018
Rådmannens stab	46%	50%	60%
Oppvekst	41%	36%	58%
Helse- og velferd	23%	20%	29%
Habilitering og ressurs	24%	23%	46%
Samfunn	48%	53%	58%

Tabellen syner at det særleg er Helse og velferd som har få tilsette i 100% stilling.

Utfordringa også på landsplan er at det er særleg innan pleie- og omsorgssektoren det er mange deltidstilsette.

I 2018 vil det bli satt i gang eit prosjekt for å følgje opp Heiltidserklæringer som er inngått mellom dei sentrale partane i arbeidslivet.

HEIDER TIL KOMMUNALT TILSETTE

25 år teneste: Vidar Kyrdalen, Aslak Eppeland, Siv Turid Eppeland, Elisabeth Espebu, Mariann Bjorå Byberg, Salve Ingemar Eppeland og Liv Vik Epletveit.

40 års teneste: Liv Gunvor Ramse



F.v.: Mariann Bjorå Byberg, Salve Ingemar Eppeland, Liv Gunvor Ramse, ordførar Reidar Saga, Vidar Kyrdalen, Siv Turid Eppeland og Liv Epletveit

ARBEIDSMILJØ OG YTRE MILJØ

Åmli kommune arbeider systematisk og breitt for å sikre eit godt arbeidsmiljø.

I det systematiske arbeidet med å sikre eit godt arbeidsmiljø ligg kontinuerleg registrering og oppfølging av sjukefråver, vernerundar, medarbeidarsamtalar, arbeidsplassvurdering, avviksrapportering og medarbeidarundersøking.

I 2018 var det ein medarbeidarundersøking i heile kommunen i QM+, ein såkalla «Klimasjekk». Kvar eining har utarbeida tiltaksplan etter undersøkinga som dei jobbar med. Det er ei målsetting om at medarbeidarundersøking skal gjennomførast kvart andre år.

I høve til det ytre miljø er det fokus på å sikre god kvalitet på alle vasskjelder og anna arbeid for å hindre forureining.

Folkevalde

POLITISK ORGANISERING

Prinsippet i organiseringa er at alle ikkje lovbestemte utval vert nedlagt og at sakene går direkte frå administrasjonen til kommunestyret. Unntak for dette er saker som gjennom lov-/avtalebestemte skal gå via utval før behandling i kommunestyret. Det vil gjelde økonomisaker i formannskapet, arbeidsgjevarsaker i administrasjonsutvalet og plansaker i planutvalet. Saker i alle dei andre lovbestemte utvala stopper normalt i utvalet etter særlov.

Organiseringa bygger på at formannskapet sine medlem er klageutval, planutval, valstyre og arbeidsgjevarsida i administrasjonsutvalet

Organ	Lovpålagte oppgåver
Kommunestyre (kommuneloven §6)	Kommunestyre er kommunens øverste kommunale organ og treffer vedtak på vegne av kommunen så langt ikke annet følger av lov eller delegasjonsvedtak.
Formannskap (kommuneloven §8)	Formannskapet har lovplagte oppgaver etter kommuneloven, deriblant oppgaven som økonomiutvalg. Utover dette treffer formannskapet vedtak i saker som kommunestyre har delegert til formannskapet.
Kommunalt klageorgan (forvaltningsloven §28)	Utvalget er personidentisk med formannskapet. Utvalget behandler klager på enkeltvedtak som er fattet i kommunale organer, der ikke særlover konkret angir en annen saksbehandling. Forvaltningslovens regler er gjeldende for utvalget.
Planutvalg (kommuneloven §10)	Planutvalget er ett fast utvalg oppnevnt i kommunelovens §10. Utvalget er personidentisk med formannskapet.
Administrasjonsutvalg (kommuneloven §25)	Kommunens partssammensatte utvalg for behandling av saker som gjelder forhold mellom kommunen som arbeidsgiver og de ansatte.
Arbeidsmiljøutvalg (arbeidsmiljøloven §7-1)	Arbeidsmiljøloven § 7.
Forhandlingsutvalg	Forhandlingsutvalget er ett politisk sammensatt utvalg med tre medlemmer. Utvalget skal gjennomføre lønnsforhandlinger etter hovedtariffavtalen der slik myndighet ikke er delegert til rådmannen. I samsvar med kap. 3 i Hovedtariff-avtalet har forhandlingsutvalget myndighet til å forhandle og inngå bindende protokoll ved lokale lønnsforhandlinger for rådmannen og enhetsledere.
Kontrollutvalg (kommuneloven §77)	Organet skal føre tilsyn med kommunens forvaltning. Utvalget velges av kommunestyret.
Rådet for eldre og mennesker med nedsatt funksjonsevne	Åmli kommune har gjort vedtak om å slå sammen eldrerådet og rådet for funksjonshemma. Rådet skal gi uttaleser i alle saker som kommunen arbeider med som er av betydning for disse gruppene.
Valgstyre (valglaven §4-1)	Valgstyret blir valgt av kommunestyre
Forliksråd (domstolloven §27)	Kommunen velger ett forliksråd på 3 medlemmer med varamedlemmer.
Sakkyndig nemnd - eiendomsskatt (eiendomsskatteloven § 8A-3)	Nemnda skal taksere eiendommene i kommunen.
Sakkyndig ankenemnd – eiendomsskatt	Nemnda skal behandle klager på takseringen som ikke blir tatt til følge av sakkyndig nemnd.

MØTEAKTIVITET I DEI FASTE POLITISKE ORGANNA

År	2016		2017		2018	
	Utval	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte
Kommunestyret	9	170	8	148	10	143
Formannskapet	11	106	7	106	9	74
Planutvalet	8	36	6	29	8	31
Klageutvalet	2	3	1	1	1	2
Valstyret	1	2	1	2	0	0
Administrasjonsutvalet	8	41	6	45	9	34
Arbeidsmiljøutvalet	5	31	4	20	6	22
Kontrollutvalet	5	29	5	35	5	36
Ungdomsrådet	6	30	7	33	5	16
Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne	4	34	6	37	9	34


Kommunestyret 2015-2019 (Første rekke utgjer Formannskapet)

Bak f.v.: Anne Tone Aanby (SP), Britt Halvorsen Ufsvatn (AP), Viggo Hansen (KrF), Dag Halvorsen (AP), Olav Eppeland Føreland (SP), Tobias Wessel-Hansen Tangen (H), Sveinung Seljås (KrF), Jørund Smeland (SP), John Helge Lien (AP) og Anja Mogensen Mølmen (AP).

Framme f.v.: Tellef Olstad (SP), Hilde Hansen Smeland (AP), Margit Smeland (SP), Reidar Saga (AP), Kari-Anne Håland Moe (AP), Bjørn Gunnar Baas (SP) og Hans Fredrik Tangen (H).

ØKONOMISK RESULTAT

Driftsbudsjett 2018 for kommunestyre, formannskap m.m., andre utvalg, ungdomsråd, kontrollutvalg og lokal partistøtte blei vedteke med ei ramme på totalt 2.399.490,- kr.

Rekneskapstal for 2018 syner eit mindreforbruk på 171.425,- kr. totalt for desse tenestene.

VEDTAK FATTA I KOMMUNESTYRET 2017, MED STATUS UNDER BEHANDLING (UB)

Saksnr.	Møtedato	Tittel på saka	Ansvarleg avdeling	Status	UB	AV
17/5	16.02.2017	Innføring av frukost og lunsjtilbod i skulen	OPPV	Ligger hos skoleledelse	X	
17/33	30.03.2017	Utsetting av arbeid med kulturminneplan for Åmli kommune	SAMF			X
17/41	27.04.2017	Lekeplass Engenes Boligfelt	SAMF	Utsatt i budsjettbehandling	X	
17/43	27.04.2017	Oppgradering av utearealet i Beverborga barnehage	OPPV			X
17/87	21.09.2017	Utvidelse av markedsføringsprosjektet Nelaug	SAMF	Ikkje vedtatt		X
17/92	21.09.2017	NAV Åmli - åpningstider uten timeavtale	HARE			X
17/93	21.09.2017	Plan for prosjekt Heltidskultur i Åmli kommune	STAB	Utsett til budsjettmøtet		X
17/116	23.11.2017	Saker fra kontrollutvalget til kommunestyre	RÅD			x
17/130	14.12.2017	Villreinprosjekt i Setesdal Austhei 2018-2022 - medfinansiering.	SAMF		X	
17/131	14.12.2017	Tilleggsbevilgning turveg med sykkelstandard Åmli-Nissedal grense	SAMF			X
17/134	14.12.2017	Utarbeidelse av kommuneplan 2019 - 2031	SAMF		X	
17/136	14.12.2017	Budsjetttiltak etter avsluttet LEA - Lean-prosjekt Drifts- og vedlikeholdsteamet	SAMF			X
17/137	14.12.2017	Områdeplan Simonstad - Mulighetsstudie for nye næringsarealer	SAMF			X
17/138	14.12.2017	Forprosjekt råvannsinntak Nelaug vannverk	SAMF		X	
17/139	14.12.2017	Rehabilitering av ÅPOS i henhold til vedlikeholdsplan	SAMF			X

STAUS PÅ VEDTAK FATTA I KOMMUNESTYRET 2018

Saksnr.	Møtedato	Tittel på saka	Ansvarleg eining	Under behandling	Avslutta
18/1	15.02.2018	Godkjenning av protokoll frå forrige møte			
18/2	15.02.2018	Orientering			
18/3	15.02.2018	Referatsaker			
18/4	15.02.2018	Delegerte vedtak			
18/5	15.02.2018	Gjennomgang av tilsettingsreglement i lys av rapport fra Sivilombudsmannen	STAB		X
18/6	15.02.2018	Lokal ressursgruppe for Den Kulturelle Skulesekken i Åmli kommune	OPPV		X
18/7	15.02.2018	Helhetlig plan for bosetting og integrering av flyktninger og innvandrere i Åmli 2017-2021	OPPV		X
18/8	15.02.2018	Dølemo skyttarlag - søknad om lån	SAMF		X
18/9	15.02.2018	Vidareføring av fondet "Kompetanseheving i næringslivet"	SAMF		X
18/10	15.02.2018	Markedsføring og profilering av Åmli og Åmli kommune gjennom sponsortiltak	SAMF		X
18/11	15.02.2018	Fornyelse av eierskapsmelding - Agder Energi	RÅD		X
18/12	15.02.2018	Melding til kommunestyret			
18/13	15.02.2018	Forespurnad/interpellasjon			
18/14	15.02.2018	Spørsmål og svar			
18/15	22.03.2018	Godkjenning av protokoll frå forrige møte			
18/16	22.03.2018	Referatsaker			
18/17	22.03.2018	Delegerte vedtak			
18/18	22.03.2018	Veterinærkvertordninga - finansiering av forsterka vakthald på natt vekedagane	SAMF		X
18/19	22.03.2018	Deltaking GPS-merkeprosjekt av villrein i Setesdal Austhei 2018-2022.	SAMF	X	

Saksnr.	Møtedato	Tittel på saka	Ansvarleg eining	Under behandling	Avslutta
18/20	22.03.2018	Ny avtale mellom Åmli Kirkelige Fellesråd og Åmli kommune	SAMF		X
18/21	22.03.2018	Høringsuttalelse Utviklingsplan SSHF - Åmli kommune	HEVE		X
18/22	22.03.2018	Plan for rehabilitering og habilitering i Åmli kommune	STAB		X
18/23	22.03.2018	Informasjon om ledig økonomikonsulentstilling i rådmannens stab fra 1.7.2018	STAB		X
18/24	22.03.2018	Årsmelding 2017 for kontrollutvalget i Åmli kommune	RÅD		X
18/25	22.03.2018	Forslag til nye betalingsmodeller for Østre Agder	RÅD		X
18/26	22.03.2018	Nye vedtekter i Østre Agder	RÅD		X
18/27	22.03.2018	Spørsmål og svar			
18/29	26.04.2018	Godkjenning av protokoll frå forrige møte			
18/30	26.04.2018	Referatsaker			
18/31	26.04.2018	Delegerete vedtak			
18/32	26.04.2018	Forskrift om skolerute for Åmli skule og Dølemo oppvekstsenter 2018-2019	OPPV		X
18/33	26.04.2018	Søknad om kjøp av tilleggsareal fra kommunal grunn gnr 41 bnr 41 til eiendommen gnr 41 bnr 42.	SAMF		X
18/34	26.04.2018	Kartlegging og verdisetting av friluftsområder i Åmli kommune	SAMF		X
18/35	26.04.2018	Vurdering på å samle flere merkantile-/saksbehandlerressurser på rådhuset	STAB		X
18/36	26.04.2018	Forslag til revidert lederavtale for Rådmannen i Åmli kommune	RÅD		X
18/37	26.04.2018	Fornyelse av viljeserkjering om eierskap i Agder Energi	RÅD		X
18/38	26.04.2018	Melding til kommunestyret			
18/39	26.04.2018	Forespurnad/interpellasjon			
18/40	26.04.2018	Spørsmål og svar			
18/41	24.05.2018	Godkjenning av protokoll frå forrige møte			
18/42	24.05.2018	Orientering			
18/43	24.05.2018	Referatsaker			
18/44	24.05.2018	Delegerete vedtak			
18/45	24.05.2018	Saker fra kontrollutvalget til kommunestyre	RÅD		X
18/46	24.05.2018	Drift av kiosk i badeparken 2018	RÅD		X
18/47	24.05.2018	Plan for lekeplasser i Åmli kommune	SAMF		X
18/48	24.05.2018	Godkjenning av Åmli kommune si årsmelding 2017	STAB		X
18/49	24.05.2018	Godkjenning av rekneskaper for Åmli kommune 2017	STAB		X
18/50	24.05.2018	Melding til kommunestyret			
18/51	24.05.2018	Forespurnad/interpellasjon			
18/52	24.05.2018	Spørsmål og svar			
18/53	21.06.2018	Godkjenning av protokoll frå forrige møte			
18/54	21.06.2018	Referatsaker			
18/55	21.06.2018	Delegerete vedtak			
18/56	21.06.2018	Reguleringsplan Bjørnshiknatten på Hillestad gnr. 9, bnr. 32 - Godkjenning av plan	SAMF		X
18/57	21.06.2018	Oppgradering av styringssystem for tekniske anlegg (SD-anlegg) kommunale bygg	SAMF		X
18/58	21.06.2018	Nye næringsarealer på Simonstad - valg av område for igangsetting av reguleringsplan	SAMF		X
18/59	21.06.2018	Ferdigstillelse av nytt ventilasjonsanlegg Åmli Renseanlegg.	SAMF	X	
18/60	21.06.2018	Tilleggsbevilgning til ombygging av helse- og sosialsenteret.	SAMF		X

Saksnr.	Møtedato	Tittel på saka	Ansvarleg eining	Under behandling	Avslutta
18/61	21.06.2018	Søknad om fritak fra verv som varamedlem til formannskapet og administrasjonsutvalet	STAB		X
18/62	21.06.2018	Felles satsning på nærings- og samfunnsutvikling i Østre Agder	RÅD		X
18/63	21.06.2018	Ny behandling - Forslag til nye betalingsmodeller for Østre Agder	RÅD		X
18/64	21.06.2018	Rådmannens forslag til strukturelle endringer 2018	RÅD		X
18/65	21.06.2018	Søknad fra Åmliavisa vedrørende forlengelse av avtale om rente og avdragsfrihet på lån.	STAB		X
18/66	21.06.2018	Budsjettregulering 1. tertial 2018	STAB		X
18/67	21.06.2018	Forespurnad/interpellasjon			
18/68	21.06.2018	Spørsmål og svar			
18/69	21.06.2018	Tilleggsbevilgning til opparbeidelse av uteområdet i Beverborga bamehage	OPPV		X
18/70	20.09.2018	Godkjenning av protokoll frå forrige møte			
18/71	20.09.2018	Referatsaker			
18/72	20.09.2018	Delegerete vedtak			
18/73	20.09.2018	Åmland gnr 22 bnr 1 søknad om deling/makeskifte	SAMF		X
18/74	20.09.2018	Bygdeboknemnda - endring av samansetting under arbeid med VIII Kyrkjebygda og Engenes	SAMF		X
18/75	20.09.2018	Avtale mellom Sørlandet sykehus og Åmli kommune. Samarbeidsavtale for FACT.	HEVE		X
18/76	20.09.2018	Etterlevelse av gratisprinsippet i forbindelse med skoleturer	OPPV		X
18/77	20.09.2018	Videreføring av prostdiakonstilling og eventuelt kommunalt bidrag	RÅD		X
18/78	20.09.2018	Påvirkningsstrategi for østre Agder regionsråd	RÅD		X
18/79	20.09.2018	Videreføring av omstillingssprosjektet gjennom opprettelse av en utviklingsorganisasjon	RÅD		X
18/80	20.09.2018	Godkjenning av planprogram for revidert kommuneplan i Åmli 2019 - 2031Godkjenning av planprogram for revidert kommuneplan i Åmli 2019 - 2031	SAMF		X
18/81	20.09.2018	Budsjettregulering 2. tertial 2018	STAB		X
18/82	20.09.2018	Melding til kommunestyret			
18/83	20.09.2018	Forespurnad/interpellasjon			
18/84	20.09.2018	Spørsmål og svar			
18/85	25.10.2018	Godkjenning av protokoll frå forrige møte			
18/86	25.10.2018	Orientering			
18/87	25.10.2018	Referatsaker			
18/88	25.10.2018	Delegerete vedtak			
18/89	25.10.2018	Retningsliner motorferdsel 2019 - 2022.	SAMF	X	
18/90	25.10.2018	Behov for ordinære utleieboliger i Åmli	SAMF	X	
18/91	25.10.2018	Søknad om kjøp av skogstykke gnr 29 bnr 17 frå Åmli kommune	SAMF		X
18/92	25.10.2018	Revisjon av retningsliner for tilskot til lag og organisasjoner i Åmli kommune	SAMF		X
18/93	25.10.2018	Revisjon av retningsliner for Åmli ungdomsråd	SAMF	X	
18/94	25.10.2018	Nye retningslinjer for startlån i Åmli kommune- godkjenning	HARE		X
18/95	25.10.2018	Tilsetting i 100% stilling som avdelingsleder Tenesta for funksjonshemma	HARE		X
18/96	25.10.2018	Forespurnad/interpellasjon			
18/97	25.10.2018	Spørsmål og svar			
18/98	25.10.2018	Godkjenning av budsjettoverskrifelse i prosjekt reguleringsplan Simonstad Næringsområde	SAMF		
	08.11.2018	Framlegging av budsjett – ingen saker			

Saksnr.	Møtedato	Tittel på saka	Ansvarleg eining	Under behandling	Avslutta
18/99	29.11.2018	Godkjenning av protokoll frå forrige møte			
18/100	29.11.2018	Referatsaker			
18/101	29.11.2018	Delegerete vedtak			
18/102	29.11.2018	Retningsliner for motorferdsel i utmark 2019-2022 - ny behandling	SAMF		X
18/103	29.11.2018	Hogst/rydding attgrodde areal på kommunal grunn.	SAMF		X
18/104	29.11.2018	Klage på kommunestyrevedtak - makeskifte Åmland	SAMF		X
18/105	29.11.2018	Finansiering av reguleringsplanprosess Simonstad næringspark	SAMF		X
18/106	29.11.2018	Utredning av bru til Engenes og nytt kulturhus	SAMF		X
18/107	29.11.2018	Opplæringsplan for Åmli kommune 2019 - 2022	OPPV		X
18/108	29.11.2018	Organisering og utredning av ny NAV organisering i Østre Agder	RÅD	X	
18/109	29.11.2018	Evaluering av interkommunalt samarbeid	RÅD		X
18/110	29.11.2018	Utarbeiding av oversiktsskisse i folkehelsearbeidet og organisering av arbeidet	STAB		X
18/111	29.11.2018	Fastsetting av valgdager for kommunestyre- og fylkestingsvalget 2019	STAB		X
18/112	29.11.2018	Reaksjon etter skjenkekontroll - Skjærereiret/Bryggekiosken AS	STAB		X
18/113	29.11.2018	Godkjenning av møteplan for politiske møter for 2019	STAB		X
18/114	29.11.2018	Forespurnad/interpellasjon			
18/115	29.11.2018	Spørsmål og svar			
18/116	13.12.2018	Godkjenning av protokoll frå forrige møte			
18/117	13.12.2018	Referatsaker			
18/118	13.12.2018	Delegerete vedtak			
18/119	13.12.2018	Behandling av klage på vedtak i kommunestyresak 18/91 - søknad om kjøpa av skogstykke ved Sjodiplane	SAMF		X
18/120	13.12.2018	Rullering av handlingsprogram i plan for idrett og fysisk aktivitet 2019-2021	SAMF		X
18/121	13.12.2018	Spelemidler 2019 - prioritering frå Åmli kommune	SAMF		X
18/122	13.12.2018	Besøksstrategi for naturreservat i Åmli kommune	SAMF		X
18/123	13.12.2018	Høringsuttalelse til lokal forskrift om inntak til videregående opplæring og formidling av lærelasser i Agder fylkeskommune	STAB		X
18/124	13.12.2018	Gebyr for feiertjenesten 2019	SAMF		X
18/125	13.12.2018	Gebyr for vann og avløp 2019	SAMF		X
18/126	13.12.2018	Gebyr for renovasjon 2019	SAMF		X
18/127	13.12.2018	Gebyrregulativer for Byggesaksbehandling mv for 2019	SAMF		X
18/128	13.12.2018	Oppgradering frekvensomformere og styring Gjøv Vannverk.	SAMF		X
18/129	13.12.2018	Nødstrømsaggregat til Åpos	SAMF		X
18/130	13.12.2018	Nye kjøretøy til Drift og vedlikeholdsteamet	SAMF		X
18/131	13.12.2018	Tilleggsloving for bygging av ny garasje til brannstasjonen.	SAMF		X
18/132	13.12.2018	Ombygging og rehabilitering av Åmli pleie- og omsorgssenter.	SAMF	X	
18/133	13.12.2018	Midlertidig 2 årig Prosjektstilling ved Samfunn.	SAMF	X	
18/134	13.12.2018	Auke i eigenbetaling fra 01.01.19 - trygghetsalarm	HEVE		X
18/135	13.12.2018	Auke i eigenbetaling fra 01.01.19 - middag og vask av tøy	HEVE		X
18/136	13.12.2018	Auke i eigenbetaling - heimehjelp, ambulerende vaktmester frå 01.01.19	HEVE		X
18/137	13.12.2018	Velferdsteknologi - innføring av digitale trygghetsalarmer	HEVE	X	
18/138	13.12.2018	Tilsetting i 100% stilling som tjenesteanstavarlig i Tjenesta for funksjonshemma	HARE		X
18/139	13.12.2018	Fastsetting av skatteprosent på inntekt og formue for 2019	STAB		X
18/140	13.12.2018	Eigedomsskatt i Åmli kommune for skatåret 2019	STAB		X

Saksnr.	Møtedato	Tittel på saka	Ansvarleg eining	Under behandling	Avslutta
18/141	13.12.2018	Handlingsprogram og økonomiplan 2019-2022 - årsbudsjett 2019	STAB		X
18/142	13.12.2018	Forespurnad/interpellasjon			
18/143	13.12.2018	Spørsmål og svar			

Sak nr 18/28 er falt ut av nummerrekkefølgen og eksisterer ikke.

TILTAKSOVERSIKT MED STATUS

Nr.	TILTAK	UNDER BEHANDLING	AVSLUTTA
Rådmannens stab			
1	IKT investeringer		X
2	Folkehelsekoordinator fra 20 % til 40 % stilling		X
3	Samordne oppgaver innenfor merkantil/økonomi 20 % reduksjon		X
4	Kontorfaglærling på rådhuset		X
5	Deponering elektronisk arkiv/uttrekk		X
6	Kommunevalg/stortingsvalg	Val i 2017 og 2019	X
7	Plan heltidsprosjekt - 20 % prosjektleder		X
8	Endra kostnadsnøkkelen Østre-Agder		X
Enhet for oppvekst			
9	11 % stilling som kunstlærar i kulturskulen		X
10	LOS stilling		X
11	Miljøterapeut	X	
12	Reduserte utgifter barnevern		X
13	Vaksenopplæring/ reduksjon planperioden	X	
14	Åmli-kortet		X
15	Kulturkarusellen		X
16	Ferietilbod		X
17	Transport til og frå fritidsaktivitetar	X	
18	Utstyrssbank Åmli skular og barnehagar		X
19	Bil til flyktningetenesta		X
20	Redusert bruk av flyktningetilskot		X
Enhet for helse og velferd			
21	Udstyr laboratorie på legekontoret		X
22	Auka bemanning somatisk avdeling		X
23	Udstyr til ÅPOS - nattlamper/skap	X	
24	Samfunnsmedisiner	Ikkje vedtatt	X
25	Nye senger ÅPOS	Ikkje vedtatt	X
26	Auka bemanning dagsenter fellesdrift	Ikkje vedtatt	X
27	Velferdsteknologi/ responstenesta	X	
28	Ergoterapeut lovpålagt frå 2020 50% stilling	X	

Nr.	TILTAK	UNDER BEHANDLING	AVSLUTTA
Enhet for habilitering og ressurs			
29	Psykolog 100 % stilling		X
30	Kommunalt rusarbeid		X
31	Kvalifiseringsordningen - plass nr 2		X
32	Flyktning 1		X
33	Flyktning 2		X
34	Ny bruker 2		X
35	Red. innt. ressurskrevjande brukar		X
Enhet for samfunn			
36	Gebyrake byggesak		X
37	Overføring av veilys langs RV 41	X	
38	Konsesjonskrafttilskot		X
39	Reduksjon husleigeinntekter Åmlihallen		X
40	Kommuneplan 2019 - 2031	X	
41	Tiltak etter LEA-prosjekt drifts og vedlikehaldsteam		X
42	Tiltak etter trafikksikringsplanen Åmli skole	X	
43	Tiltak etter trafikksikringsplanen fortau Negardskleiva	X	
44	Tiltak etter trafikksikringsplane veglys Elvareim Timerodden	X	
45	Nytt Høgdebasseng Børtinghus	X	
46	Tilleggsbevilgning turløype Åmli - Treungen		X
47	Innbrotsalarm Elvarheim museum		X
48	Universell utforming Elvarheim	X	
49	Tursti med via Ferrata - Trogfjell	X	
50	Nytt ledningsanlegg Riisland/Pakkestasjonen		X
51	Drenering "gjennomtrekksboliger" Åmli sentrum		Ikkje vedtatt
52	Åmli bibliotek - varme-og brannvarslingsanlegg		Ikkje vedtatt
53	Tilstandsvurdering og rehabilitering av Åmli RA		X
54	Tilstandsvurdering - og rehabilitering VA-ledningsnett		X
55	Mosberg barnehage brannførebyggjande tiltak		X
56	Rehabilitering ÅPOS	X	
57	Søppelbuer til omsorgsleilighetene		Ikkje vedtatt
58	Timmerodden - lys parkering, elektrisk lader		Ikkje vedtatt
59	Nelaug vassverk - råvannsinntak forprosjekt	X	
60	Sponsing sykkelritt Tour des Fjords		X
61	Sigridnesveien - asfaltering og flomsikring		Ikkje vedtatt
62	Åmfoss bru 100 års jubileum		X
63	Områdeplan Simonstad		X
64	Utvidelse av markedsføringsprosjekt Nelaug		Ikkje vedtatt

Nr.	TILTAK	UNDER BEHANDLING	AVSLUTTA
65	Lærling drifts- og vedlikeholdsavdeling Samfunn		Ikkje vedtatt
66	Reduksjon 50 % stilling reinhaldsteamet		X
Kirkelig fellesråd			
67	Brann og innbrotssikring Åmli, Tovdal og Gjøvdal kyrkjer	Ikkje vedtatt	X
68	Restaurering og måling av Gjøvdal kyrkje	Ikkje vedtatt	X
69	Resterande rep. Av feil og manglar el-anlegg i alle 3 kyrkjene	Ikkje vedtatt	X
70	Automatisk ringeanlegg - 3 kyrkjer	Ikkje vedtatt	X
71	Rep. Av orgel i Åmli kyrkje	Ikkje vedtatt	X
Skatt, overføringer, renter og avdrag			
72	Kompensasjonstilskot Husbanken		X
73	Renter og avdrag på lån		X
74	Realvekst rammetilskot 1%		X
75	Redusert eigedomsskatt verker og bruk ihht forslag statsbudsjett		X
76	Tilbakebetaling av ubrukte lånemidler 11,6 mill		X
Nye tiltak med økonomisk verknad vedtatt av kommunestyret			
	Forprosjekt kulturhus		X
	Forprosjekt ny bru Åmli sentrum-Engenes		X
	Auka rammetilskot budsjettforlik statsbudsjettet		X
	Til ordføraren sin disposisjon		X
	To ekstra kommunestyremøter og eit ekstra formannskapsmøte 2018		X
	Tilleggsbevilgning Åmli kyrkeleige fellesråd		X
	Bruk av fond		X
	Avsett fond		X

Rådmannens stab

ORGANISERING

Tenesteområdet omfattar dei sentrale støtte- og stabsfunksjonane.

Dette omfattar mellom anna politisk sekretariat, valarbeid, informasjons- og arkivteneste, heimeside, facebook og ansattportal, økonomiforvaltning, personaladministrasjon, overordna HMSK/internkontroll og beredskapsarbeid, IKT, sal- og skjenkesaker etter alkohollova og saker etter serveringslova m.m.

Folkehelsekoordinator er også i rådmannens stab.

I 2018 blei 50% økonomistilling overført frå Samfunn til Rådmannens sin stab.

OVERORDNA MÅL

Rådmannen sin stab skal på overordna nivå bidra til at einingene når sine mål i høve til økonomistyring og koordinering, personalpolitikk, HMSK og beredskapsarbeid og mellom anna at kommunen har på plass system i høve til arkivlova. Elles at kommunen følgjer opp krav i lov og forskrift på dei same områda.

Overordna mål er ivaretatt i 2018.

FOKUSOMRÅDE

Fokusområda lista opp under er ivaretatt i 2018. Sjå også kommentarar under dei einskilde punkt.

Det er også gjort eit stort arbeid på revisjon av overordna planar, reglement og retningsliner i 2018.

Viktige fokusområde i 2018 har vore:

- Nærvar/sjukefråversoppfølging
- Ajourføring av planar i høve til beredskap og førebuing til øving av kriseleiinga i regi av Fylkesmannen.
- Mange i rådmannen sin stab er med i prosjektgrupper i høve til nytt sak- og arkivsystem (P360), nytt avviks- og kvalitetssystem og ikkje minst i høve til nye økonomi-, lønns- og HR-system
- Revisjon av reglement og retningsliner
- Oppretta arbeidsgruppe i høve til lokale folkehelseutfordringar, oversiktbilete og prioritering av lokale tiltak

- Opplæring i HSK og avvikshåndtering (QM+)
- Informasjonstryggleik
- Sommarjobb for skuleungdom

Fleire av fokusområda som er nemnt ovanfor er kommentert i kapitel om «Kommunen som verksemd» då dette er fokusområde som gjeld heile eller ein større del av kommunen.

- Koordinering av overordna økonomioppgåver som rekeskapsavslutning, budsjettprosessen (årsbudsjett og økonomiplan) og budsjettregulering.

Dette er viktige og store prosessar for å sikre at Åmli kommune har god økonomistyring. Arbeidet koordinerast av økonomisjefen

- Koordinere og gjennomføre årlege lønsforhandlinger og drøftingar/forhandlingar innan personalområdet med unntak av leiarforhandlingar (HTA kap. 3)
Koordinerast av leiar for rådmannens stab og rådmann
- Ros analyser i alle einingar.
HMSK/beredskapsrådgjevar har laga malar og bistått einingane. Det er framleis nokon einingar som ikkje har gjennomført dette.
- Revisjon av beredskapsplanar i alle einingane. HMSK/beredskapsrådgjevar har laga malar og bistått einingane. Dette er på plass i nesten alle einingane.
- Ajourføre og lage nye reglement og retningsliner innanfor personalområdet
- Utarbeide oversikter på kommunen sine helseutfordringar

Kommunen skal ha «oversikt over helsetilstanden i befolkningen og faktorer som kan virke positivt og negativt på denne», jf. Folkehelselova § 5.

ØKONOMI

Driftsbudsjett for rådmannen sin stab blei vedteke med ei ramme på totalt 17.449.215,- kr.

Totalt er det eit mindreforbruk på 662.289,-.

Samfunn

ORGANISERING

Samfunn er i hovudsak organisert i team. Reinhaldsteamet, Drifts- og vedlikehaldsteamet, Ingeniørteamet og Rådgjeverteamet.

Ingeniørteamet omfattar kart- og oppmåling, plan- og byggesak, senioringeniør tekniske fag og prosjektleader bygg. Rådgjeverteamet består av kulturrådgjever, landbruksrådgjeverane og næringsrådgjever. I tillegg ligg Biblioteket og Bygdebokførfattar til Samfunn.

FOKUSOMRÅDE 2018

Administrativt

Samfunn har hatt store utfordringar i 2018 på grunn av høgt sjukefravær blandt tilsette.

LEA - coaching/leiarutviklingsprosjekt som blei starta i 2017, blei avslutta våren 2018.

Ein har landa på 2 samlingar årleg for alle tilsette i Samfunn – før sommarferien og før jul, noko som har vært greit. Dei ulike teama har stort sett eit møte i månaden.

Rådgjever- og Ingeniørteamet har gjennomført fellesmøter i staden for separate møter. Dette for å sikre flyten av informasjon i dei større prosjekta.

Reinhald

Ein har i 2018 vidareført golvbehandlingsprosjektet frå 2017 med gode resultater. Ein stillingsprosent på ein dag pr veke er sett av til maskinkjøring av golv på Åmli skule, dette resulterer i eit reinare innemiljø og lettare fysisk arbeid for reinhaldarane. Vi sparar reingjeringsmidlar og arbeid i forhold til det vi kallar oppskuring (fjerning av bon).

Teknisk fagområde

Det har vore i alt 3 vasslekkasjar på det kommunale vassleidningsnettet i 2018. Det var to lekkasjar i Åmli sentrum og ein på leidningsnettet på Dølemo. Det eine leidningsbrote i Åmli sentrum var på hovedvassleidningen frå Gjøv vassverk. Det har vore gode resultat på vassprøvane frå dei kommunale vassverka i 2018.

Åmli kommune har bytta ut til saman 530 meter med vassleidningar i Åmli sentrum. Dette har vore gamle asbestementleidningar. Det er også skifta ut 350 meter avlaupsleidning og overvassleidning.

Utskiftingane har vore gjennomført i Børtinghus og på strekket frå Riislandsjordet til Åmli Pakkestasjon.

Ein har også skifta ut to komplette vasskummar med armatur i Åmli sentrum pga. at elde og rust medførte at ein ikkje fekk stengt ventilar.

I samband med at 350 meter vass-, kloakk og overvassleidning blei skifta på strekket Børtinghus, har ein opparbeida ny Børtinghusveg med nytt bærelag og asfaltdekke.

Ein har utført reparasjon av forstøtningsmur langs Høgvollvegen som var i ferd med å rase ut. Dette var eit tiltak frå 2017.

Ein har utført nødvendig lapping av asfaltdekke på kommunale vegar i Åmli sentrum.

Åmli kommune har annonsera på DOFFIN anbod om vintervedlikehald for kommunale vegar og plassar for perioden 2018 til 2022. Ein har inngått avtaler med til saman 10 entreprenørar/ personar slik at ein har fått på plass nødvendige avtalar for perioden.

På dei kommunale grusvegane har ein utført nødvendig skraping og påføring av grus i henhold til driftsbudsjet.

Statens Vegvesen har overtatt driftsansvaret for veglyspunktene langs Rv 41 som går igjennom Dølemo. Det står att å overføre driftsansvaret for veglyspunkt forbi Åmli sentrum til Statens Vegvesen.

Det blei søkt om tilskott til to tiltak i henhold til den kommunale Trafikksikringsplanen for Åmli kommune i 2018. Dette var å ferdigstille fortau i Negardskleiva, og veglys på strekningen Åmfoss bru til Hegna. Åmli kommune fekk kun støtte til tiltaket om å ferdigstille fortau Negardskleiva

Teknisk vakt og Drifts- og vedlikehaldsteamet har vært viktige bidragsytarar igjennom året med å take ansvar for forskjellige hendingar på kommunale bygningar og anlegg.

Plan- og byggesak

Ein har arbeida med vedlikehaldsplan for kommunale bygg i 2018 – dette arbeidet blir vidareført i 2019. I tillegg til dei ordinære plan- og byggesakene har ein bruka tida til mindre byggeprosjekt på kommunale bygningar, uteområdet i Beverborga, ny forstøtningsmur i Høgvollvegen samt at barnehagen på Mosberg blei noko oppgradert.

Det har vore mykje arbeid med Reguleringsplanar i 2018. Det blei arbeida med 7 Reguleringsplanar i 2018, og ein er ferdig vedtatt.

Kommunale byggeprosjekter

Tur- og sykkelløype Åmli –Treungen.

Det er sett igang opparbeiding av ny tur- og sykkel-løype mellom Åmli sentrum og Telemark grense, i alt 20,8 km i Åmli kommune. Sykkelløypa er planlagt vidareført av Nissedal kommune fram til Treungen sentrum. I Åmli følgjer løypa dels gamal fylkesveg og gamal jernbanegrunn frå Kateråsvegen – Øy.

Totalentrepreneur er Knut Haugsjå AS, Treungen. Kostnadsramme totalt 5,4 mill. kroner inkl. mva. Det er gitt tiltsagn om spelemidlar på 1,0 mill kroner til prosjektet. Åmli sin del av tur- og sykkelløypa skal vere ferdig 1.juli 2019.

Omsorgsbustader Århuskleiva.

6 nye omsorgsbustader i Århuskleiva 35 vart ferdigstilt som planlagt våren 2018. Totalentrepreneur Wari-Hus AS, Grimstad. Byggekostnad totalt 19,8 mill. kroner inkl. mva. Investeringstilskott er gitt med kr. 8,2 mill.

Ombygging helse- og sosialsenteret.

Prosjekteringsarbeid er gjennomført og prosjektet lyst ut på anbod. Byggearbeidet er venta igangsett februar/mars 2019. Prosjektkostnad ca. 14 mill inkl. mva.

Timmerodden boliger.

Det er ferdigstilt 2 nye PU bustader og ny carport for Timmerodden bufellesskap. Området er med det fullt utbygd med i alt 10 bustader og fellesbygg. Totalentrepreneur siste utbygging Åmli Totalbygg AS, Åmli. Kostnadsramme totalt kr.5,5 mill kroner.

Kart- og oppmåling

Det har vore arbeida med føljande oppgåver innan kart og oppmåling.

- Ordinær oppmåling - 2018 var eit år med forholdsvis liten aktivitet på ordinære delingssaker og oppmåling.
- Ledningskart - Innmåling og ajourføring av ledningskart (VA-kart) har fortsatt i året, og arbeidet med registrering /oppmåling fortsetter i 2019
- Kartlegging – Åmli sentrum og omegn (totalt ca.35km²) er nykartlagt/ajourført (GEOVEKST prosjekt LACHAA81). I tillegg til ordinær oppdatering av FKB kartbaser er det også produsert ortofoto for det same arealet.
- Kommune/regionreformen – I forbindelse med innføring av nytt kommunenummer 1.januar 2020 har kartverket produsert avvikslister i

matrikkelen som må rettas opp. Listane blei gjennomgått og rettet i 2018.

- Kulturminneplan – Oppmålingskontoret har bistått i forbindelse med registrering og kartfesting av ulike kulturminner

Skogbruk

For skogbruket var 2018 eit spesielt år og eit krevjande år. Langvarig tørke og stor brannfare gjorde at aktiviteten vart heilt eller delvis lamma i vår- og sommarsesongen. Mykje av planlagt aktivitet innan vegbygging og skogkultur som i ein periode måtte innstilla, let seg ikkje hente inn att. Med den kapasiteten som er tilgjengeleg i nærområdet er ein avhengig av å ta heile barmarksesongen i bruk for å halde seg på ønskeleg nivå.

Hogsten vart ikkje like sterkt ramma. Kvantumet ende på 60 000 m³ mot 76 000 m³ året før. Det vart fylt på med ekstra driftskapasitet då forholda vart meir normale, og i tillegg vart det etablert eit nytt tynningslag.

Dei viktigaste måla som blir arbeidd mot, endrar seg lite frå det eine året til det andre:

- Etablere tette og jamne foryngingar og deretter følge dei opp.
- Ruste opp eller bygge om delar av skogsbilvegnettet som ikkje er dimensjonert for dagens og framtidas krav til effektiv tømmertransport.
- Opplæring og kurs for skogeigarar og andre som arbeider med skogbruk.
- Innarbeide nye målretta tiltak slik som tynning og markberedning og følge dei opp saman med det som tidlegare er sett i gang.

Ein må ta høgde for at sesongar som den i 2018 kan inntrefte i framtida. Målet må vere å førebu seg og finne løysingar i tide slik at ein kan avhjelpe uheldige og uønska verknader så langt det let seg gjere.

Jordbruk

382 da blei godkjend for nydyrkning i 2018 fordelt på 5 bruk. 3 gardsbruk er tildelt kommunalt tilskot for nydyrkning etter prioriteringar i regelverk.

Løyvd investeringsstøtte frå Innovasjon Norge på totalt 2,9 mill kr og lån på kr 530.000 fordelt på 3 gardsbruk: Lokalforedling mjølk, oppgradering av eit storfefjøs, eit sauefjøs(generasjonsskifte) og vatningsanlegg på Gjøvdal fellesbeite.

Løyvde midlar til Ideavklaringsprosjekt tilslaman kr 163.000 fordelt på 3 gardsbruk. 2 av desse «Inn på tunet»-prosjekt.

Den ekstreme tørken i 2018 førte med seg mykje arbeid med møte, samtalar og erstatningssaker. Landbruksdirektoratet ba alle kommunar prioritere dette arbeidet høgt.

Løyvde SMIL-midlar (Spesielle miljøtiltak i landbruket) fra tildelt ramme til Åmli kommune:

kr 263.000 til rydding/gjerding av kulturlandskap, skjøtselsplan og restaurering, fordelt på 9 prosjekt.

Reiseliv

Brosjyrebytte på rådhuset i mai blei vidareført og informasjonsmøte med handels- og reiselivsbedrifter. Tilskot til nærbutikkane vidareført.

Telemarksvegen (RV 41) har 38 medlemsbedrifter i kommunane frå Birkenes til Seljord. Felles marknadsføringstiltak for desse: Brosjyre, nettside med profiliering på facebook, skilting.

Telemarksvegen fekk løyvd midlar frå Telemark og Aust- Agder fylkeskommunar og Statens vegvesen til forprosjekt « Telemarksvegen som opplevingsveg», - ein indre veg frå Kristiansand til Oslo. Prosjektet er under arbeid.

Næring

Det er gjennomført bedriftsbesøk på 8 lokale bedrifter. Næringsmesse blei arrangert i Åmlihallen 13.02 for ungdomsskulen og voksenopplæringa. 10 private bedrifter og 4 offentlege bedrifter deltok i tillegg til kommunale einingar. Fagmøte « Verdiskaping basert på natur og kultur» arrangert i samband med Heimover . Deltaking i planlegging og gjennomføring av Åmlidagen. Arbeid med oppstart av «Entreprenørskap i skulen» i samarbeid med Åmli skule.

Samfunn har styrka næringsarbeidet i 2018 med ein 100 % stilling, Plan (50%) og Næring (50%).

Prosessene med å lage ein ny Kommuneplan 2019-2031 er godt i gang og følger kommunal planstrategi. Planprogrammet blei sendt på høyring og er nå formelt vedteke.

Samfunn har også bidrige med høyringsuttale til kommunale og regionale planar. Spesielt har ny regionplan for Agder 2030 hatt fokus.

Eininga har arbeid aktivt med bedriftsretta næringsarbeid, der ein har behandling av søknader og rettleiing av næringsdrivande/gründarar for nye investeringar. Det har blitt gjeve støtte til 3 prosjektar gjennom regionalt næringsfond. Og det har vore gitt rettleiing til fleire aktørar for etableringar i Åmli.

Nærbutikkane har hatt eit eige fokus frå eininga, dette for å støtte initiativ og bidra til kursing og kompetanseheving. Dessverre blei butikken i Tovdal nedlagt, til tross for aktiv støtte frå stats- og verkemiddel apparatet frå kommunen.

Svært mye av innsatsen i eininga er knytta mot nye verksemder på Jordøya/Simonstad. Nærings arbeider svært tett med Biozin og Bergene Holm for tilrettelegging for nye investeringar og arbeidsplassar.

Arbeidet med reguleringsplan for nytt næringsområde på Simonstad gjeng som planlagt og vil sluttførast i 2019. Det har i tillegg vært stor interesse knytt til nye næringstomter på Engenes og det har blitt gjennomført møter med alle aktørane der.

Eininga har arbeida med reetablering av Åmli næringsforening og eininga deltek også som kommunens representant i Regionalt næringsfond for Østregionen (RNØ) og Regionråd Østre Agder, samt har fleire møter med andre næringsfora i regionen, saman med næringsaktørar, for å bidra til vekst og utvikling av næringslivet i kommunen. Her under representant inn mot TENK-senteret, STN, Sørlandsporten Næringshage, Innovasjon Norge mm og konkrete initiativ i kjølvatn av dette.

Infrastruktur

Plan for utbetring av delstrekningar av Fv 415 Simonstad-Fiansvingen blei vedteke av Fylkestinget. Kostnadsramme 280 mill kroner.

Kultur

Elvarheim Museum

Ny permanent draktutstilling, «Mangfold og Mote», sto ferdig i juni 2018. Utstillinga hadde eit budsjett på 290 000 kr, og var eit samarbeid mellom Elvarheim museum, Aust-Agder museum og arkiv og Åmli historielag.

Torild Ankersdatter Fossnes var kurator for utstillinga. Åmli historielag har lånt inn gjenstandar frå privatpersonar, sydd opp kopiar av gamle drakter og kjøpt inn ei samling draktsølv frå Kirsten Bråten Berg.

Aust-Agder museum og arkiv har bistått med fagleg hjelp til alt frå snekring til design og foto. Åmli kommune har bidratt med teknisk arbeid til utstillingsrommet.

Utstillinga har vore ein stor suksess, og Elvarheim museum har meir enn dobla besøkstalet, med rundt 2300 besøkande i 2018.

På utstillingsopninga var over 150 personar til stades. Alle skuleklasser i Åmli, barnehage og voksenopplæring mfl. har besøkt utstillinga.



Frå draktutstillinga

Det blei laga ein sikkerheitsplan for Elvarheim museum, og ved hjelp av midlar frå Norsk kulturråd og Åmli kommune blei det installert ny alarm med kamera på museet.

Universitetet i Stavanger samarbeider med Elvarheim museum/AAMA om utstillinga «Beverens reise» som omhandlar tilbakeføring av bever frå Åmli til Sverige på 1920-talet. Norges Forskningsråd og EUs JPICH program gav tilskot til prosjektet. Det er sett av 400 000 kr til å lage ei vandrerutstilling som skal visast på Elvarheim museum i 2021.

Åmfoss bru 100 år

I oktober gjekk 100-årsjubileet for Åmfoss bru av stabelen. Åmli skule hadde Åmfoss bru som tema på lokalmiljøveka. Egil Fiane og Arild Håkedal laga eit jubileumshefte som blei delt ut til alle elevane.



Kake til 200 personar blei servert utanfor banken, alt gjekk med!

17. oktober var det jubileumsfest ved brua med brukake, hornmusikk og tog med hest og veteranbilar over brua til Elvarheim, der det var historisk foredrag og underhaldning.

Sykkelveg Åmli-Treungen

Arbeid med å bygge sykkelveg på den gamle toglinja mellom Åmli og Treungen på Åmlisida starta opp i 2018, med tilskot gjennom spelemidlar og frå Åmli kommune. Arbeidet består i hovudsak av hogst, toppdekke og bygging av ca. 3 km ny turveg sør for Øy. Nissedal kommune startar opp bygging av veg på si side våren 2019. Åmli og Nissedal kommune har i samarbeid med Åmli historielag søkt om og fått innvilga 199 050 kr gjennom Gjensidigestiftelsen til skilt og informasjonstavler ved kulturminne langs sykkelvegen. Det er også søkt om spelemidlar til skilt. Statens Vegvesen bidrar med noko asfalt og sikring av bruer.

Åmli bibliotek

Åmli bibliotek har hatt eit aktivt år med 16 større og mindre arrangement med til saman 408 barn og 192 vaksne deltakarar.

Biblioteket har eit godt samarbeid med Åmli skule og med Folkeakademiet i Åmli om ymse arrangement.

Biblioteket har søkt om, og fått midlar frå Aust-Agder bibliotek- og kulturformidling og Nasjonalbiblioteket til forfattarbesøk.

Biblioteket er mykje brukt av store og små. Særleg vil ein framheve at biblioteket er ein viktig stad å kome innom for dei som skal ha timer på Kulturskulen.

Utlåninstala er litt under fjorårets, mens besøket er godt.

ØKONOMI

Samfunn hadde eit revidert budsjett i 2018 på kr 28 307 417,- Regnskapet for 2018 viser eit forbruk på kr 28 229 769,- eit positivt avvik på 77 647,- som utgjer 0,27 % av totalen – eit mykje godt resultat.

Budsjettet var ei vidareføring av drifta i 2017.

Det vesle overskotet er eit resultat av økonomisk styring med fokus på rapportering kvar månad frå tenesteområda.

Oppvekst

Oppveksteininga har oppgåver innan barnehage, skule, SFO, PP-tenesta, flyktningteneste, helsestasjon og skulehelsetenesta, jordmorteneste og interkommunalt barnevern. I tillegg vert det arbeidd med fleire tilhøyrande overordna prosjekt.



SKULEN

Skulen er med i læringsmiljøprosjektet og får rettleiing frå læringsmiljøsenteret. Vi har og delteke på nasjonale samlingar på Gardermoen.

I tillegg deltek skulen i HBS og BTI.

Elevundersøkinga syner at arbeidet med læringsmiljø er krevjande, arbeid og deltaking i læringsmiljøprosjektet har vore til god hjelp for å sette i verk gode tiltak i arbeid med elevmiljøet.

Grunnskulepoenga for 2018 låg over fylkes- og landsgjennomsnittet.



BARNEHAGE

Det har vore stor søknad til barnehagane i Åmli kommune, alle som søkte fekk plass i barnehagane. Bemanningsa i barnehagane har variert noko grunna variasjon i barnetal og plassar i bruk.

I 2018 har barnehagane arbeidd med ulike tema kvar månad i tråd med rammeplanen.

Det har i 2018 blitt arbeidd godt med arbeidsmiljøet i barnehagen og sjukefråveret har vore lågt.

Styrarane i barnehagane i Åmli har eit godt samarbeid.

Åmli deltek i Østre-Agder fagutval for barnehagar, som vart oppretta i 2018.

I 2018 hadde vi tverrfagleg tilsyn frå Fylkesmannen innan miljøretta helsevern og godkjenning av barnehagar.



SFO

Det er mange barn som nyttar SFO-tilbodet i Åmli og Dølemo. Mosberg har ikkje hatt tilbod i 2018.

Det har vore meir fokus på uteaktivitetar.

ÅMLI PP-TENESTE

PP-tenesta har vore bemanna med leiar / rådgjevar i ei heil stilling. Arbeidet består av mykje utgreiing av lærevanskar, sosiale- og emosjonelle vanskar, lese- og skrivevanskar. Tenesta er sakkunnig instans, og skal gjere ei vurdering av retten til spesialundervisning i skulen samt spesialpedagogisk hjelpe hjå born i

barnehagen. Tenesta har i dag om lag 65 tilviste klientar i alle aldrar. Talet på barnehage- og skuleborn som får spesialundervisning / spesialpedagogisk hjelp held seg nokolunde stabilt.

Kommunen har betra rutinane for tilvising av born til PP-tenesta. Skjemaet for tilvising gir godt grunnlag for dei utgreiingar tenesta skal gjere. Det er utvikla eit godt system og gode samarbeidsfora slik at kommunen kan setje i gang med dei rette tiltaka.



HELSESTASJONEN /JORDMORTENESTE

2018 har det vore 25 fødslar, dette er ein oppgang med 7 frå 2017. Jordmor har fylgt desse opp med heimebesøk innan 48 timer etter heimkomst.

Ny jordmor var på plass frå 1. januar 2018. Den kommunale delen av stillinga er auka til 33,33 %.

Åmli kommune arbeider med «Tidlig inn» og andre prosjekt for å nå målet om at Åmli skal være en god plass å vokse opp og bu i.

Helsejukepleiar har hatt faste konsultasjonar før skulealder, oppfølging i skole med fysisk, psykisk og sosial helse. Helsestasjon for ungdom 1 gong i veka. Tverrfaglig samarbeid i form av ressursteam og ansvarsgrupper.

FLYKTNINGENESTA

I 2018 vart det ikkje busett nye flyktningar i kommunen. Det har blitt brukt tolketeneste der kommunen har hatt behov for dette.

Stillinga som arbeidsleiar vart fasa ut i 2018.

VAKSENOPPLÆRING FRAMANDSPRÅKLEGE

Vaksenopplæringa har i 2018 halde til på Åmli Vidaregåande Skule. Gjennom ein god samarbeidsavtale med den vidaregåande skulen har vi lokalitetar som i praksis har vore gratis for kommunen.

Vaksenopplæringa i Åmli har i 2018 hatt kurs i norsk og samfunnuskunnskap for elever med rett og plikt til dette.

Elevtalet på vaksenopplæringa var 19 i 2018.

Vaksenopplæringa har hatt undervisning og vore ute i norsk- og arbeidspraksis.

Det vart gjennomført norskprøver i mai og november. Samfunnuskunnskapsprøva vart gjennomført i august..

KULTURSKULEN

Åmli kulturskule hadde i 2018 105 elevplassar og 5 lærarar. Det var flest elevar på dans, der det var fire dansegrupper i alderen 5-18 år. Det var også stor auke i elevtal på kunst og teater. Talet på elevar i musikk har vore noko synkande.

Kulturskulen har i tillegg hatt breiddetilbod med gratis kulturkarusell for 1.-3. klasse, kulturskattekiste for førskulebarn i barnehagane og musikkgruppe på dagsenteret.

Våren 2018 sette Åmli kulturskule saman med Birkenes og Lillesand kulturskule opp framsyninga «Småtroll». Det var rundt 80 barn på scenen, og til saman over 700 publikum på to framsyningars i Valstrand kulturarena på Birkenes og i Åmlihallen.



ØKONOMI

Det har vore god økonomikontroll gjennom heile året. Vi har klart å budsjetttere i høve til forbruk totalt for eininga. Rekneskapen syner likevel at ein må vere påpasselege med å sikre god ressursutnytting i dei største verksemindsområda. Eininger har arbeidd godt med å få inn eksterne prosjektmiddel.

Habilitering og ressurs

ORGANISERING

Habilitering og ressurs er organisert som ei eining bestående av tenesta for funksjonshemma, NAV kommunale tenester, psykisk helseteneste/ rus, dagcenter og Åmli frivilligentral.

2018 har vore eit år der Habilitering og ressurs har opplevd utfordringar i bemanningsituasjonen. For mange overordna oppgåver å utføre, og utan ei ansvarslinje under einingsleiar har det vore krevjande. Tilsette i eininga har lagt ned mykje arbeid og ressursar for å levere gode tenester i alle avdelingar. Nye utfordringar angående oppfølging av tilskotsmidlar og riktige vedtaksbeslutningar har vore ein del av utfordringsbiletet i 2018. Tilsette tenesteansvarleg på Timmerodden våren 2019 har som mål å drifta eininga betre fagleg, meir effektivt og lønnsamt.

TENESTA FOR FUNKSJONSHEMMA (TIMMERODDEN BUFELESSKAP)

Tenesta for funksjonshemma har i 2018 hatt tilflytting og fråflytting gjeldande bustadane på Timmerodden. Behovet for tenester har vore aukande gjennom året. Det har i 2018 blitt tilsett to nye vernepleiarar i ledige stillingsheimlar.



Tur til Bulder lekeland i Arendal

Det har vore utfordrande å følge opp ein raskt veksande teneste på ein fagleg forsvarleg måte gjennom 2018. Det har vist seg eit behov for tettare ansvarsoppfølging innan tenesta for funksjonshemma. Det vart politisk vedtatt stilling som tenesteansvarleg i 2018, som blir besatt våren 2019. Det vil føre til formalisert ansvar for raskare endringar og omstillingar når drifta krever det.

Gjennom små og store endringar i 2018 har dei tilsette vore fleksible og løysningsorienterte. Lojale og fagleg engasjerte tilsette fører til betre tilrettelagte tenester. Det blir viktig å strukturere tenesta endå betre i 2019 og utnytte kompetanse, erfaring og interesse på ein best mogleg måte. Tenesta har mange personlegheitar som går godt overeins, eit inkluderande og godt arbeidsmiljø kjenneteiknar Timmerodden.

Det har i 2018 vore redusert bemanning på Timmerodden. Det har vore usikkerheit rundt behovet for tenester til enkelte brukarar. Det har ført til at tilsette og vikarar har gått på engasjement og det er lite forutsigbart for målretta fagleg utvikling. Mindre

tilstedeværelse av leiar på Timmerodden saman med ei auking i tenesteyting, gjer at tilsettingar og omdisponering av ressursar har tatt for lang tid i 2018. Målet er at det vil vere meir effektivt og lønsamt for avdelinga med ein tenesteansvarleg som er tettare på drifta og til å ta seg av avgjersler som krev raskare omstilling.



Bålkos på Timmerodden

NAV KOMMUNALE TENESTAR

NAV Åmli ønsker å fremme økonomisk og sosial tryggleik, betre levekår og førebyggje sosial problem. NAV gir økonomisk råd- og veiledning for å førebyggje og løyse sosiale problem. I nokre tilfelle kan NAV tilby økonomistyring.

NAV har i 2018 vore gjennom ein prosess med utskifting av personell. Arbeidsoppgåvene er komplekse og læringskurvane har vore bratte. NAV Åmli har i dag eit godt arbeidsmiljø med tilsette som leverer gode tenester.

Samarbeidet mellom kommunale tenester i Åmli og statlege tenester i Froland fungerer bra, men er i periodar utfordrande i tenestetilfella der brukar er i overgangsfasar mellom statlege og kommunale ytingar. Då det i 2018 ikkje har vore statleg tilstadeværelse på NAV kontoret i Åmli i veiledningssentertiden tirsdager og torsdager kl.12-14.30, har det i perioder gått med mykje tid til å veilede i forhold til statlege oppgåver.

Mandat for utredning av framtidig organisering av NAV-kontora i Åmli, Vegårshei, Gjerstad, Risør, Tvedstrand, Froland og Arendal ser på fordelar og ulemper med eit samarbeid mellom NAV kontora. Behovet for å foreta utredninga ligg i føringane som føreligg i Meld. St. 33 «NAV i en ny tid – for arbeid og aktivitet». Det skal opp sak til politisk behandling sommar 2019 i dei involverte kommunane.

Alle brukarar skal kunne kommunisere med NAV digitalt, uavhengig om dei mottar statleg eller kommunale tenester. Det vil kome fleire digitale løysningar innan kommunale tenester i NAV, eksempel på dette er «Digisos» som skal gje brukarar betre og enklare tilgjengelege tenester.

Etter at kombinert stilling som arbeidsleiar mellom eining for oppvekst, samfunn og habilitering og ressurs opphørde ved utgangen av 2018, har det som prøveprosjekt for 2019 blitt overført ei 50% stilling frå habilitering og ressurs til eining for samfunn for å legge til rette for lovpålagt aktivitet til dei mellom 18-30 år som har aktivitetsplikt etter § 20a i Lov om sosiale tenester i NAV. NAV kan også tilby aktivitet til dei over 30 år dersom det er aktuelt i ein overgangsfase til jobb eller anna ytting. NAV stiller vilkår om aktivitet etter § 20 i Lov om sosiale tenester i NAV. Ingen skal motta passive yttingar dersom det ikkje føreligg helsemessige årsakar til grunn for det. NAV har i 2018 lykkast med å stille krav til aktivitet på eit tidleg tidspunkt.

NAV Åmli ynskjer å følgje utviklinga ved å sjå på og ta i bruk elektroniske løysningar for å betre tenestene ytterlegare i 2018. NAV Åmli fekk i 2018 prosjektmidlar til ei 50% stilling ut året.

PSYKISK HELSETENESTE/RUS

Psykisk helseteneste og rus er eit lågterskel tilbod som yter lovpålagte tenester og oppgåver.

Tenesta har vore i endring fordi ein del av brukarane i liten grad kan nyttiggjere seg samtaler aleine, og fleire av tenestemottakarane har fått tilbod om periodevis miljøarbeidarteneste eller støttekontakt. Ein ser at fleire av brukarane med utfordringar innan rusproblematikk treng meir miljøarbeidarteneste før dei kan nyttiggjere seg støttesamtalar og kan gå inn i endringsarbeid. Det må vurderast om ein skal dreie tenesta meir mot dette i 2019. Det er inngått samarbeidsavtale med SSHF om FACT med oppstart januar 2019.

Tilsette som arbeider tett opp til tenestemottakarane har jevnlege fagmøter. Tenesta har testa ut ulike metodar på korleis dei på best mogleg måte kan gi kvarandre gode tilbakemeldingar både fagleg og menneskeleg. Tilsette jobbar mykje med å støtte kvarandre og gjere kvarandre gode. Dette er med på å oppretthalde det gode arbeidsmiljøet. Dette er positivt for dei tilsette og aukar kvaliteten på tenestene, som er til tenestemottakarane s beste. Kommunen har i 2018 fått prosjektmidlar til ulik kompetanseheving og innovasjon i tenesta som gir fagleg påfyll og mogleghet til å prøve ut nye metodar.

Det blir jobba med å etablere inntaksteam i kommunen. Inntaksteamet er eit lågterskelttilbod for barn, unge og deira familie utan behov for henvisning. Søknadar vil behandlast av inntaksteamet på faste drøftingsmøter. Teamet vil kunne bestå av faste medlemmar som kommunepsykolog (leiar), helse-søster, jordmor, PPT, fysioterapeut, represen-tant frå

psykisk helseteneste/rus og NAV. Tenkt oppstart i 2019.

DAGSENTER

Dagsenteret ligg sentralt til i sentrum og er eit samarbeid mellom einingane helse og velferd, oppvekst og habilitering og ressurs. Dagsenteret utgjer basen for dagtilbod inntil fem dagar i veka for psykisk utviklingshemma, psykiske helsetenester, aktivitet for demente og oppmøteplass for arbeidsgruppa beståande av tilrettelagt aktivitet etter § 20 i Lov om sosiale tenester i NAV og flyktninger i språk/arbeidspraksis

Det har i 2018 blitt jobba med å finne gode brukartilpassa aktivitetar/ arbeidsoppgåver som gjer at brukarane føler mestring og får ein meiningsfull kvardag i fellesskap med andre. Samarbeid på tvers av brukargrupper som har tilhald på dagsenteret er viktig for oppleveling av mestring og samhald. Det har i 2018 vore ei auke i antal brukarar og kompleksiteten gjer at det må være nok tilsette til å følgje opp den enkelte. I periodar har det vore inntil 25 brukarar og tilsette innom dagsenteret på same tid. Lokala for å drive dagsenter blir for små og det har ført til redusert dagtilbod, frå 5 dagar til 2 dagar i veka for enkelte brukarar. Enkelte brukarar treng einerom i periodar i løpet av dagen, det medfører at det ikkje er plass til å tilrettelegge for den enkelte.

Fylkesmannen innvilga i 2018 prosjektmidlar til inspirasjonstur for brukarar og tilsette innan psykisk helse og rus. Tur til andre dagsenter vil bli gjennomført i 2019.



Aketur på Gautefall

ÅMLI FRIVILLIG SENTRAL

I 2018 har Åmli Frivilligsentral hatt fokus på sosialt samvær med servering av lunsj ved langbord for pensjonistar som bur for seg sjølv, og dei som bur på Åmli pleie og omsorgssenter, kiosktralle, kaffe«slabberas» annankvar onsdag, matutkjøring, tilrettelegging for språkpraksis, eldretreff med bingo, formidling av tenester, kulturtimen på Åmli pleie og omsorgssenter, følgjeteneste til sjukehus, tannlege og liknande, innsats for andre der entusiastiske elevar har valt å gjere noko positivt for andre, aktiv deltaking på Fargerik fest i Åmlihallen og aktiv deltaking under Arendalsveka.

Vidare satsing for Åmli Frivilligsentral i 2019 blir vidareutvikling av samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar og det offentlege. Fortsette å lage ein møteplass for alle, for eit levande lokalsamfunn. Fortsatt vere ein samhandlingsarena for kulturelt mangfold. Rekruttere nye frivillige. Fortsette med besøkstenesta, inkludert trilleturar og følgjetenestar med Åmli pleie og omsorgssenter. Fortsette tilboda til yngre aldersgrupper. Fortsette samarbeidet i

nettverket. Bli betre til å informere om sentralen. Få fleire utfluktar, for eks. til badeplassen. Fortsette samarbeid med NAV og flyktingstenesta. Oppdatere informasjon om sentralen via nettside og Facebook.

ØKONOMI

Driftsbudsjett for habilitering og ressurs blei vedteke med ei ramme på totalt 20.203.259,- kr.

Totalt er det eit mindreforbruk i 2018 på 1.775.467,- kr. Mykje av overskotet er eit resultat av refunderbare utgiftar ved busetting av personar med nedsett funksjonsevne og/ eller åferdsvanskar, IMDI tilskot 2. Nokre av avdelingane har i periodar gått med redusert bemanning på grunn av noko høgt sjukefråvær og utfordringar med å knytte til seg rett kompetanse til å utføre dei ulike oppgåvene som skal driftas.

Disponering av tilgjengelege ressursar saman med gradvis utvikling av tenestene, vil styrke kompetansen og gjere det fagleg meir interessant å jobbe i Åmli kommune. Innbyggjarane skal oppleve stabile og gode tenester.

Helse og velferd

ORGANISERING

Helse og velferd består av legekontor, fysioterapeut, langtidsavdeling, skjerma avdeling, natteneste inne og kjøkken, vaskeri og reinhald. Samt heimebaserte tenester som heimesjukepleie, nattteneste ute, heimehjelp og ambulerande vaktmeister.

Administrativt har fokusområdet vore å få den nye eininga til å fungere saman. Få til gode treffpunkt og god informasjonsflyt.

Helse og velferd hadde i 2018 fokus på Velferds-teknolog og felles anskaffelse på Agder. Åmli kommune har innført ulike teknologi slik som digitale trygghetsalarmer, dørsensor, fallalarm, GPS og medisin dispenser. Dette har gitt pasientane og pårørande ein tryggare kvardag. Dei tilsette opplev at dei kan ta ansvar for heimebuande betre enn tidlegare. Vi utsette innlegging på institusjon med fleire månadar i nokre tilfelle.

Brannalarm i trygdeboligane er kobla opp mot trygghetsalarmane slik at det vil gå alarm til vakttelefonen til heimesjukepleia om det blir utløyst aktiv alarm. Det er installert alarm som dei tilsette kan bruke i situasjonar der dei treng rask hjelp. Alarmen går til dei andre avdelingane på ÅPOS.

ÅPOS har trådlauast nettverk slik at vi har dekning på heile huset.

LEGEKONTOR

Legekontoret har to fastlegar og ein turnuslege. Fastlegane i Åmli har hatt en del overføringer av pasientar frå nabokommunane i 2018, slik at det er blitt sett eit tak på 750 pasientar på fastlegelistene ved kontoret.



Fokusområdet og målet for legekontoret har i 2018 vore å ha ei stabil drift. Dette har vi til dels oppnådd. Vi har ikke ein vikarlege som er stabil, slik at drifta går som planlagt. Kontoret hadde ikkje turnuslege fram til mars 2018.

Legekontoret har fokus på førebyggjande arbeid, der sjukepleiarar på kontoret og legane har eit tett samarbeid. Sjukepleiarar har oppfølging av pasientgrupper, dette avlastar legane noko. Dette er i tråd med den nye Primærhelsemeldinga som seier at vi må tenke nytt, og ha fleire yrkesgrupper inn på legekontor.

FYSIOTERAPEUT

Fysioterapitenesta har fokus på: God funksjons- og mestringsevne for menneske med muskel-skelettlidningar, nedsett funksjonsevne og funksjonshemmingar. Fysioterapi er eit fagfelt som er tverrfagleg orientert, spesielt innan habilitering og rehabilitering.



Kommunens fysioterapiteneste er organisatorisk delt i to; Kommunalt tilsett fysioterapeut og privatpraktiserande fysioterapeut med driftsavtale.

Kommunefysioterapeuten gir tenester som omfattar førebyggjande tiltak og tenester til alle menneske med nedsett funksjonsevne som har behov for opptrenings, tverrfagleg rehabilitering og tilrettelegging av sine omgjevnader. Ressursane er knytt til vurdering og behandling, helsefremmande og førebyggande arbeid, tenester frå helsestasjon, tilrettelegging av bustad og formidling av hjelpemiddel.

Ventetid etter skader og operasjonar har vore ca. ei veke. Det er mange pasientar med samansette behov, som treng oppfølging over lengre tid.

Tilrettelegging av bustad, oppfølging og formidling av tekniske hjelpemiddel har blitt gjennomført utan for lang ventetid. Det blir stadig fleire eldre med nedsett funksjonsevne, som bur heime, dette gir eit stort press på tenesta og fører til lengre ventetid for andre grupper.

Oppfølging av rehabiliteringspasientar på ÅPOS har vore prioritert og har hatt ei ventetid på 1-3 dagar.

Fysioterapeut har deltatt på treningsgruppe i samarbeid med psykisk helse og hatt førebyggande arbeid på helsestasjonen.

Viktig for 2019: Helsefremjande og førebyggjande helsearbeid (spesielt skulehelsetenesta og psykisk helse hos barn og vaksne). Tilby opplæring og vegleiring til tilsette. Fysisk aktivitet til eldre.

FRISKLIVSSENTRAL

Dette er eit lågterskeltilbod. Det er eit tilbod til innbyggjarar som ønskjer hjelp til livsstilendring. Det kan vere å bli meir aktiv, gå ned i vekt, hjelp til å slutte å røyke eller å mestre livet med dei utfordringane som livet byr på. Det er ikkje sett av midlar i budsjettet til tilbodet. Det betyr at legekontor og folkehelsekoordinator bidrar til å få dette til å fungere.

Der er tilbod om samtaler, gå-gruppe og basseng-trening.



Målet er å kunne tilby ulike kurs i løpet av året til denne målgruppen.

Frisklivssentralen er eit samarbeid mellom folkehelsekoordinator, fysioterapeut og psykisk helse/rus.

INSTITUSJON - ÅPOS

I 2018 hadde vi 10 langtidsplasser og 4 korttids- og rehabiliteringsplassar. Pr. 31.12.2018 var det 8 langtidspasientar og 5 korttidspasientar. I løpet av 2018 har vi hatt fleire inne på rehabiliteringsopphald som er kome heim til eigen bustad att. Antal korttidspasientar har i 2018 vore aukande, totalt har vi gitt tilbod til 44 pasientar. Nokon kjem heim att etter 1 veke, andre har behov for å vere på korttidsopphald opp til fleire månader.

Mål for 2018: Å ha ledig rom til ei kvar tid ved institusjonen, samt å ta i mot utskrivingsklare pasientar frå sjukehuset til ei kvar tid. Dette har avdelingane klart i 2018.

SKJERMA AVDELING

Skjerma avdeling er ein tilrettelagt eining med seks pasientrom.

Avdelinga har i 2018 arbeidd med:

- Tillitsskapande tiltak rundt den enkelte pasient og individuell omsorg
- Avdelinga har fokus på utvikling av demens-arbeidet
- Fokus på aktivitetar

Gjennomføring av fagmøte i avdelinga har vore viktig for å få alle som arbeidar saman til å finne fram til gode løysningar, og for å kunne evaluere tiltak ofte i ei krevjande avdeling. Det er viktig at alle tilsette har lik forståing og arbeider så likt som mogleg rundt den enkelte pasient.

LANGTIDSAVDELING

Langtidsavdelinga har 9 pasientrom, der 4 er til langtidsplassar og 1 akuttrom, samt at avdelinga har ansvar for 3 korttidsplassar.

Vi har i 2018 arbeidd med følgande fokusområde:

- Rehabilitering og korttidspasientar
- Gje god omsorg til døande pasientar og dei sine pårørande
- Gode pasientforløp
- Auke sjukepleiefagleg kompetanse
- Kompetansetiltak med fokus på demens, lindrande omsorg og aktivitet i kvardagen
- Kommunen har klart å ta i mot alle pasientane frå sjukehuset til ei kvar tid

I 2019 vil fokus vere å ha rett bemanning til rett antal pasientar. Korttidspasientar som kjem rett frå sjukehuset er ofte dårlege og krev pleie og omsorg.

Det er ei utfordring å ha rett bemanning og rett kompetanse.

KJØKKEN / VASKERI /REINHOLD



